

Rapport og planar (2006-2007)

Vedtatt av styret i Høgskulen i Sogn og Fjordane
den 15. mars 2007.

Innhald

Rapport 2006
Målstruktur 2007
Risikovurderingar
Tabellvedlegg

Rapport 2006

Hovudmål 1: Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet.

Delmål 1.1 Dei statlege høgskulane med profesjonsutdanning skal sikra studietilbodet på lågare nivå i samsvar med regionale behov.

Resultatmål 1: Tal primærskjarar gjennom Samordna Opptak skal vere minst 850

I 2006 fekk høgskulen 721 primærskjarar gjennom Samordna Opptak. Dette er eit vesentleg avvik frå resultatmålet om 850 primærskjarar.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2006	Avvik frå resultatmål
	2003	2004	2005	2006		
Primærskjarar gjennom Samordna Opptak	898	901	844	721	850	-129
Sjukepleie	128	100	120	89		
Sosialarbeidar-utdanningar	126	124	143	111		
Samfunnsvitskapl. utdanningar	122	131	73	56		
Allmennlærudd.	54	124	45	78		
Førskulelærudd.	29	14	37	32		
Økonomi, reiseliv, informasjonsbeh., engelsk	217	183	166	144		
Idrett og friluftsliv	160	185	233	169		
Naturfaglege utd.	39	32	15	20		
Ingeniøruddanninga	14	8	12	22		

Resultatmål 2: Tal nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak skal vere minst 750 (møtt)

Per 1. oktober 2006 var det registrert 623 nye studentar ved studium med opptak gjennom Samordna Opptak. Også her er det eit vesentleg avvik frå resultatmålet.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2006	Avvik frå resultatmål
	2003	2004	2005	2006		
Nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak	732	721	720	623	750	-127
Sjukepleie	100	68	106	70		
Sosialarbeidar-utdanningar	122	127	122	120		
Samfunnsvitskapl. utdanningar	117	113	111	93		
Allmennlærar	51	107	30	58		
Førskulelærar	28	12	65	36		
Økonomi, reiseliv, informasjonsbeh., engelsk	164	147	159	131		
Idrett og friluftsliv	93	103	90	85		
Naturfaglege utdanningar	38	29	20	15		
Ingeniørutdanning	19	15	17	15		

Resultatmål 3: Tal nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak skal vere minst 750

Per 1. oktober 2006 var det registrert 706 nye studentar ved studium med opptak utanfor Samordna Opptak. Dei fleste av desse er vidareutdanningsstudentar. Dette var 44 færre enn målsetninga.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2006	Avvik frå resultatmål
	2003	2004	2005	2006		
Nye studentar rekruttert <u>utanom</u> Samordna Opptak, totalt	759	775	744	706	750	-44
Vidareutdanningar, helse- og sosialfag	146	159	148	149		
Vidareutdanningar, skule og førskule	256	254	390	241		
Andre studium (PPU, 2.år idrett mm)	287	228	156	199		
Sjukepleie, lokalt opptak (deltid og januar)	39	43	50	50		
Masterstudium	31	71	0	67		

Resultatmål 4: Tal eigenfinansierte studentar per 1.oktober 2006 skal vera minst 2700 og tal eigenfinansierte heiltidsekvivalentar skal vera minst 2200.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2006	Avvik frå resultatmål (%)
	2003	2004	2005	2006		
Sjukepleie	430	384	411	393	400	
Sosialarbeidar	320	323	338	325	330	
Lærarutdanning	576	500	467	390	420	
Samfunnsfag	116	158	149	136	140	
Økonomi, it, reiseliv	298	299	304	271	300	
Idrett og friluftsliv	189	207	210	199	200	
Naturfag/ingeniør	227	178	141	106	120	
Vidareutdanningar	441	445	463	401	420	
Mastergrader	19	147	130	171	170	
Andre	58	91	197	233	200	
Studentar totalt	2674	2732	2810	2625	2700	-1,9
Heiltidsekv. (tot)	2294	2244	2282	2126	2200	-2,3

Tabellane viser at høgskulen ikkje har nådd resultatmåla for 2006. Avviket mellom mål og oppnådd resultat er størst når det gjeld rekruttering av nye studentar og særleg heiltidsstudentar.

Dei oppnådde resultatane i form av registrerte studentar er relativt betre enn talet på primær søkerar gjennom Samordna Opptak skulle tilseie. Årsakene til det er at høgskulen har relativt mange andreprioritetssøklarar, og at det vert drive aktivt rekrutteringsarbeid gjennom heile perioden fram til studiestart i august.

Høgskulen greier heller ikkje fullt ut å nå målsetjingane for tal eigenfinansierte studentar og heiltidsekvivalentar.

I vurderinga av dei faktisk oppnådde resultatane, må det takast omsyn til at målsetjingane for 2006 vart formulerte og tilpassa ein vanskeleg rekrutteringssituasjon. Målsetjingane både for tal studentar og heiltidsekvivalentar ville vore sett høgare dersom rekrutteringssituasjonen hadde vore betre.

Tala viser at både med omsyn til rekruttering og samla studenttal er utviklinga svakast for ingeniør/naturfag og lærarutdanningane, men også dei samfunnsvitskaplege utdanningane og informasjonsbehandling har negativ utvikling. Av grunnutdanningane er tala mest positive for helse- og sosialarbeidarutdanningane og idrett/friluftsliv. Elles er både studenttal og rekruttering relativt god til vidareutdanningar og mastergradsstudium. Dette gjeld både over tid og i forhold til målsetjingane for 2006.

Sviktande rekruttering til heiltidsutdanningane er høgskulen sitt største problem. Det har konsekvensar i form av færre studentar på campus og dårlegare grunnlag for eit levande og aktivt studentmiljø. Det kan også resultera i dårlegare gjennomstrøyming som følgje av svakare inntakskvalitet hjå dei nye studentane.

Høgskulen har i 2006 prioritert arbeidet med studentrekruttering. Det er sett inn større ressursar og arbeidet er profesjonalisert. Det vert arbeidd hardt og målretta med studentrekruttering gjennom heile året. Høgskulen har arbeidd vidare med systematiske innføringsprogram og oppfølging av nye studentar. Arbeidet med kvalitetssikring av utdanningane er vidareført. Høgskulen følgjer også opp studentar som har slutta med spørsmål om årsakene til det.

Rekruttering i forhold til allmennlæruddanninga har fått særskild merksemd med mellom anna førebuing av forkurs i matematikk for denne utdanninga. Også for ingeniør og naturfag har det vore gjennomført særskilde rekrutteringstiltak i tillegg til at høgskulen har vidareført både det eittårige forkurset til ingeniøruddanninga og tilbodet om treterminkurs for dei som ikkje tilfredsstillar særkrava i matematikk og fysikk.

Delmål 1.3: Høgskulane skal bruke det internasjonale kunnskapstilfanget i utforminga av studietilboda

Resultatmål 1: Faglitteratur nytta i bachelor- og masterstudium skal reflektera internasjonal forskning innan fagområde. Alle avdelingane nyttar faglitteratur som reflekterer internasjonal forskning innan relevante fagområde.

Resultatmål 2: Alle fagområde skal invitere som gjesteførelesarar forskarar som ligg langt framme internasjonalt på sitt fagområde. Med unntak for helsefaga og barnevern har alle dei største utdanningane hatt besøk av gjesteførelesarar/forskarar på høgt internasjonalt nivå. Barnevern er eit spesifikt "norsk studiefelt" og nyttar derfor mest norsk kompetanse

Delmål 1.4: Høgskulane skal syte for at fleire studentar gjennomfører studia på normert tid.

Resultatmål 1: Studiepoengproduksjonen i 2006 skal vera minst 1837 60-studiepoengseiningar

60-poengseiningar per år og semester				
	2003	2004	2005	2006
Vår	1437,6	1355,3	1220,6	1325,6
Høst	579,7	560,5	572,9	648,1
Heile året	2017,8	1915,8	1793,5	1973,7

Studiepoengproduksjon 2006 i 60-poengeiningar
fordelt på fagområde

Studium	Resultatkrav	Resultat
	2006	2006
Sum lærarutdanningar	463	472
Sum sjukepleiefag	348	413
Sum sosialarbeidarutdanningar	275	363
Sum idrettsfag	183	215
Sum økonomisk/administrative fag	215	226
Sum samfunnsfag	107	86
Sum informasjonsbehandling	40	24
Sum ingeniørfag	44	32
Sum naturfag	82	60
Sum musikkterapi	13	10
Mastergrad i administrasjon og leiing	33	33
Engelskstudium	34	40
Sum HSF	1837	1973,7

Høgskulen sin studiepoengproduksjon er i god i 2006 og ligg vesentleg over resultatkravet som vart sett i samband med budsjettet for 2006. Resultatkravet føreset alle studieplassar er oppfylte og at kvar heiltidsstudent tar eksamen i 50 studiepoeng i medel. HSF sitt gode resultat skuldast følgjande:

1. Moduliseringseffektar i storleiksorten 50-70 einingar spesielt på sosialarbeidarutdanningane. Dette vil vera ein tidsavgrensa effekt i 3 år.
2. Ujamm fordeling av eksamenar mellom studieåra, spesielt på deltidsutdanningane. Det forklarar det dårlege resultatet i 2005 og tilsvarande forbetring i 2006.
3. Studentane i HSF ser ut til å ta eksamen i meir enn 50 studiepoeng pr. år i snitt. Det kan sjå ut til at resultatet for 2005/2006 ligg 1-2 prosentpoeng over prognosen.
4. Nye reglar for registrering av eigendel på eksternt finansiert verksemd som gjev betre resultat enn tidlegare praksis i HSF.

Generelt ser vi at ei store fagområda i HSF har tilfredsstillande i resultat i 2006 sett i høve til resultatkrava. Dette gjeld profesjonsutdanningane pluss idrettsfag og økonomisk/administrative fag. Sjølv med låge resultatkrav slit informasjonsbehandling, ingeniørfag og naturfag med å oppfylla resultatkrava.

Resultatmål 2: Studiepoengproduksjonen i 2006 skal vera 48 - 50 studiepoeng per heiltidsekvivalent.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2006
	2003	2004	2005	2006	
Tal 60-studiepoengseiningar	2017	1915	1793	1974	1837
Studiepoengproduksjon per eigenfinansiert heiltidsekvivalent	52,8	51,2	47,2	55,7	48 - 50

Resultata for 2006, både for den samla produksjonen og produksjon per heiltidsekvivalent, ligg vesentleg over målsetjinga. Hovudårsaka til det er at det frå og med haustsemesteret 2006 vart gjennomført modulisering ved fleire utdanningar med det resultat at utdanningane produserer vesentleg fleire studiepoeng i haustsemesteret.

Den vesentlege auken i produksjonen jamført med 2005 kan i tillegg forklarast med variasjonar i når deltidskull avsluttar utdanninga si og dermed produserer flest poeng. I 2005 gav slike variasjonar tilsvarande lægre produksjon av studiepoeng.

Studiepoeng 2006 per student på utvalde utdanningar	2002	2003	2004	2005	2006
Sjukepleie	70,3	63,4	52,2	40,8	54,7
Barnevern	55,2	54,1	63,1	52,7	69,1
Sosialt arbeid	60,0	57,4	57,8	53,7	66,8
Vernepleie	53,4	48,3	43,3	53,3	63,2
Allmennlærar	38,7	44,1	37,4	48,6	68,8
Førskulelærar	26,1	56,0	68,8	38,2	41,9
PPU	60,9	32,5	39,8	16,3	60,8
Øk-adm, bachelor	63,2	43,7	57,6	56,8	55,6
Reiseliv, bachelor			37,0	41,1	49,4
Idrett og friluftsliv, samla	52,3	43,9	53,2	41,5	66,2
Naturfag, samla	35,9	38,2	41,3	47,1	43,1
Ingeniørfag, samla	50,2	49,4	51,5	47,4	51,7
HSF	43,7	45,3	42,1	38,3	45,1

Tabellen viser eigenfinansiert poengproduksjon i 2006 for utvalde utdanningar. Tala er henta frå dbh og er basert på samla poengproduksjon i året delt på studenttalet per 1.10.

Tabellen viser til dels store variasjonar i produksjonen mellom utdanningane og frå år til år. Variasjonane mellom åra skuldast dels deltidskulla slik som for PPU og dels lærarutdanningane og sjukepleiarutdanninga. Dels skuldast denne typen variasjonar omlegging av studieplanar med modulisering. Dette gir særleg tydelege utslag i 2006 for sosialarbeidarutdanningane og dels allmennlærarutdanninga. Studentane som byrja på

desse utdanningane hausten 2006 følgjer i større grad moduliserde studium som gir ein mykje høgare poengproduksjon i haustsemesteret enn føregåande kull.

Aktivitetskrav

Høgskulen hadde i 2006 aktivitetskrav knytt til sjukepleie og vernepleieutdanninga. For sjukepleieutdanninga var aktivitetskravet 128 60-studiepoengeiningar i første studieår. Høgskulen hadde i 2006 fire ulike kull i første studieår; to kull som starta hausten 2005, eitt kull som starta i januar 2006 og eitt kull som starta hausten 2006. Til saman var det 212 studentar på desse fire kulla som tilsvara 203 heiltidsekvivalentar. Det er teknisk komplisert å skilja ut poengproduksjonen for desse, men ein gjennomsnittleg produksjon per student på kring 55 studiepoeng tilseier at det vart avlagt kring 117 60-poengeiningar i 2006.

I vernepleieutdanninga var aktivitetskravet 29 60-studiepoengeiningar i 2006. Med vel 30 studentar i gjennomsnitt og med svært høg poengproduksjon grunna omlegging av studieplanen, vart aktivitetskravet her meir enn oppfylt.

Resultatmål 3: Høgskulen i Sogn og Fjordane skal uteksaminere om lag 450 kandidatar frå fleirårige studieprogram

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2006
	2003	2004	2005	2006	
Samla kandidatproduksjon 2006 (master, allmennlærer, bachelor, PPU)	463	538	422	566	450

Resultatindikator	2002	2003	2004	2005	2006
Kandidatproduksjon 2006.					
Mastergrad					13
Allmennlærer	73	80	69	83	80
Bachelor sjukepleie	102	125	115	70	101
Bachelor sosialarbeidar	75	91	99	80	113
Bachelor Samfunnsvitskap	-	-	-	3	7
Bachelor førskulelærer	22	21	65	29	39
Bachelor økonomi, informasjonsbehandling, Reiseliv	6	27	52	43	64
Bachelor idrett, friluftsliv	-	31	30	34	33
Bachelor ingeniør	18	14	12	16	15
Bachelor naturvitskap	-	9	12	29	15
2-årig høgskulekandidat økonomi, informasjon	39	30	30	13	8
PPU	66	35	54	22	78
Samla kandidattal	401	463	538	422	566

Kandidatproduksjonen i 2006 var svært høg og klårt over resultatmålet. Hovudforklaringa på det er at relativt mange deltidskull avslutta utdanninga si dette året. I tillegg var det svært høg kandidatproduksjon ved sosialarbeidarutdanningane, og dei første mastergradsstudentane ved studiet i organisasjon og leiing vart uteksaminerte.

Samarbeid mellom høgre utdanningsinstitusjonar

Samarbeidande institusjonar	Utdanning	Eksamens-ansvarleg institusjon	Avlagde 60-studiepoeng-einingar 2006	Kandidatar 2006
Universitetet i Oslo og HSF	Mastergrad i tilpassa opplæring	UiO	0	0
Universitetet i Oslo og HSF	Mastergrad i spesialpedagogikk	UiO	64,3	25
Norges musikkhøgskole og HSF	Mastergrad i musikkterapi	NMH	12	12

Alle dei tre tilboda om mastergrad vert arrangert ved HSF, men eksamensansvaret ligg hjå dei samarbeidande institusjonane. Mastergradene i spesialpedagogikk og musikkterapi er fullfinansierte av HSF på den måten at høgskulen kjøper tenester frå samarbeidsinstitusjonane. Avtalen her går ut på at høgskulen får refusjon i samsvar med studiepoengproduksjonen. Når det gjeld tilbodet om mastergrad i tilpassa opplæring, er avtalen slik at kvar av institusjonane står ansvarleg for å finansiera halvdelen av emna kvar. I tillegg betaler HSF godtgjersle til UiO for fagleg ansvar. Oversynet viser at samarbeidstiltaka genererer relativt stor aktivitet med totalt 37 mastergrader i 2006.

Oppretting av studietilbod og søknad til NOKUT

Det er oppretta seks nye studietilbod på 30 – 60 studiepoeng. Av desse er to vidareutdanningar for lærarar. Tre studium har blanda finansiering. Ingen studietilbod er lagt ned i 2006.

Høgskulen har i 2006 utarbeidd studieplan for ein felles mastergrad i landskapsplanlegging med landskapsarkitektur i samarbeid med Sveriges Lantbruksuniversitet – Institusjonen for landskapsplanering og Københavns universitet, Det Biovitenskabelige Fakultet. Høgskulen vil søke NOKUT om godkjenning av mastergraden i 2007.

Karakterfordeling

Prosentvis fordeling av karakterar	A	B	C	D	E	F
2004	10,0	26,7	29,9	17,5	7,2	8,2
2005	8,5	26,1	32,1	18,0	6,6	8,7
2006	7,0	24,5	33,8	19,1	7,3	8,4

Høgskulen har hatt fokus på bruken av det nye karaktersystemet og at dette vert forvalta på ein måte som er i samsvar med intensjonane. Spesielt har vi vore opptekne av at karakteren A skal vera reservert for framifrå prestasjonar, at karakteren C blir gitt for den jamt gode prestasjon og vi har vore opptekne av kvar grensa skal gå for stryk, også i dei tilfelle der karakterane greidd/ikkje greidd vert nytta.

Tabellen viser ei karakterfordelinga på institusjonsnivå som talar for at desse intensjonane blir godt ivaretekne. Også vurderingane frå dei nasjonale karakterpanela tyder på at høgskulen har funne ein god måte å forvalta karaktersystemet på. Samanhalde med landssnittet vert det gitt færre A og noko fleire D ved HSF. Etter høgskulen si vurdering er det rimeleg sett i høve inntaksqualiteten ved fleirtalet av høgskulen sine utdanningar.

Skikkavurdering

Det har ikkje vore saker knytt til skikkavurdering ved høgskulen i 2006.

Resultatmål 4: 90 % av studentane med utdanningsplan skal gjennomføra studieåret i samsvar med planen.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2006
	2003	2004	2005	2006	
Gjennomføring i samsvar med utdanningsplan			68%	96%	90%

Data som er registrert er usikre og høgskulen har ikkje grunnlag for å vurdere i kva grad utdanningsplanane fungerer som ein god reiskap for studentane når det gjeld gjennomføring av studia i høve eigen plan.

Gjennomstrøyming på utvalde utdanningar

Studium	Start-semester	Tal studentar	Fullført normert tid	% Fullført normert tid	Aktiv same studium	Anna
Allmennlærer	Haust 2002	47	14	30	9	24
Bachelor førskulelærer	Haust 2003	28	18	64	3	8
Bachelor barnevern	Haust 2003	40	29	73	3	8
Bachelor sosialt arbeid	Haust 2003	50	38	76	2	10
Bachelor vernepleie	Haust 2003	32	24	75	-	8
Bachelor sjukepleie	Haust 2003	61	34	56	-	27
Bachelor sjukepleie	Vår 2003	39	18	46	-	21
Bachelor sjukepleie (deltid)	Haust 2002	41	24	59	5	12
Bachelor ingeniør	Haust 2003	19	12	63	5	2

Tabellen viser tal studentar som fullførte på utvalde utdanningar vårsemesteret 2006. Det er teke utgangspunkt i kull der studentane etter normert studietid skulle vore ferdige med utdanninga vårsemesteret 2006. I tillegg er sjukepleie med start vår 2003, som skulle vore ferdig haustsemesteret 2005 tatt med.

Tabellen viser at for dei fleste av desse bachelorutdanningane er det kring to av tre studentar som fullfører utdanninga på normert studietid. Unnataket er først og fremst allmennlærerutdanninga, der mindre enn ein av tre har fått vitnemål frå vår høgskule innan normert studietid. For denne utdanninga sin del er det ni studentar som er registrert ved studiet utan å ha fått vitnemål. Dei aller fleste av desse står med stryk i eitt eller fleire fag, og dei fleste i matematikk. Gjennomstrøyminga er best ved sosialarbeidarutdanningane.

Ved dei fleste utdanningane er det relativt mange som i tabellen er registrert med "anna". Dette omfattar dei som har permisjon, og dei som har slutta eller søkt overgang til annan institusjon. Høgskulen har ikkje tilstrekkeleg informasjon om kor mange som har søkt overgang og eventuelt har avslutta utdanninga ein annan stad. Det er grunn til å rekna med at det i alle fall for allmennlærerutdanninga sin del er fleire som har søkt overgang til annan institusjon grunna avgrensa tilbod om valfag ved HSF.

Høgskulen har også i 2006 arbeidd med tiltak for å betra gjennomstrøyminga og for å skaffa betre kunnskap om dei som sluttar.

Resultatmål 5: Kvalitetssystemet skal utviklast vidare. Kvalitetssikring av eksamen og sensur skal prioriterast.

Utarbeiding av Kvalitetshandbok på nett har vore eit satsingsområde i 2006. I samband med utvikling av kvalitetshandboka har leiing og tilsette hatt felles kvalitetsdagar på avdelingane. Arbeidet med Kvalitetshandboka har ført til samordning og kvalitetssikring av mange arbeidsprosessar i høgskulen. Det er laga rutinar for utarbeiding av studieplanar, undervisning, gjennomføring av praksis, eksamen og sensur. I tillegg er rutinar for rapportering av ulike data kvalitetssikra. Gjennom møta på avdelingane har leiinga fått viktige innspel i det vidare arbeidet med kvalitetsutvikling.

Det vart gjennomført ein eigen kvalitetsdag for studenttillitsvalde. Det er ei særleg utfordring å få studentane til å slutte opp om fagkritisk arbeid og emneevaluering. I 2006 har mange emneevalueringar hatt dårleg svarprosent. Høgskulen og fagmiljøa er uroa over dette, og vil gjere ei vurdering av aktuelle tiltak for å styrke svarprosenten i 2007.

Kvalitetssikring av eksamen og sensur vert prioritert i høgskulen sine fagmiljø. Avdelingane har eigne planar for bruk av ekstern sensor, og har tatt i bruk sensorrapportering for å sikre systematisk tilbakemelding frå eksterne fagmiljø.

NOKUT-evalueringar

Sjukepleieutdanninga ved HSF vart ikkje reakkreditert. Avdelinga har arbeidd målretta med å stette krava som vart stilt med omsyn til utvikling av studieplanen og formell kompetanse.

Resultatmål 6: Fagtilsette sin pedagogiske kompetanse skal styrkast gjennom målretta høgskulepedagogiske tiltak

Høgskulen har sett av eigne midlar på institusjonsnivå til pedagogiske tiltak. I 2006 har det vore gjennomført opplæringsdag for nye fagtilsette, utvikling av studieplan for eit 10 studiepoengs emne i rettleiing for høgskuletilsette og temadagar med pedagogisk innhald. Det er utvikla eit eige e-læringsnettverk med avdelingsvise koordinatorar.

Undervisnings- og rettleiingskompetanse vert vektlagt i høgskulen, og studentaktive læringsformer vert utvikla og nytta ved alle studium.

Resultatmål 7: Minst 75 % av høgskulen sine studentar skal vera godt nøgde med å ha valt HSF som studiestad.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2006
	2003	2004	2005	2006	
Kor stor del (%) av studentane som er nøgde med å ha valt HSF som studiestad.	86	77	81	75,6	75

Gjennom ei årleg kandidatundersøking får høgskulen tilbakemelding på kor nøgde studentane har vore med studieopphaldet ved HSF. Resultat for 2006 er i samsvar med målsetjinga, men resultatet kan tyde på at studentane samla er noko mindre tilfreds enn tidlegare. Dette vil bli følgd opp med ei undersøking i 2007 av det samla læringsmiljøet ved nokre utvalde utdanningar.

Delmål 1.5: Høgskulane skal samarbeide internasjonalt om utdanning

Resultatmål 1: Minst 4 nye avtaler skal signerast i 2006 med høgare utdanningsinstitusjonar i område av verda kor HSF har få eller ingen avtalar: Midtre og sørlege delar av Europa, Canada, Afrika, Australia og Asia. HSF vil samarbeide med SIU og andre norske institusjonar for å nå målet.

I 2006 vart det signert avtalar med Beijing Normal University, University of Kwa Zulu-Natal og University of South Australia. I tillegg vart det innleia avtalediskusjonar med fleire institusjonar mellom anna i Afrika.

Resultatmål 2: Talet på utreisande studentar over tre månader skal aukast til minst 50 og minst 80 prosent av studentane skal til samarbeidsinstitusjonar.

I 2006 var 35 studentar frå høgskulen på studieopphald på minimum tre månader. 90% av studentane var hos samarbeidsinstitusjonar

Resultatmål 3: Talet på innreisande studentar over tre månader skal aukast til minst 30 og minst 80 prosent av studentane skal vera frå samarbeidsinstitusjonar.

Høgskulen tok imot 25 innreisande studentar. Berre to av studentane kom frå andre enn samarbeidsinstitusjonar.

Resultatmål 4: Studentar i lærarutdanningane skal framleis få tilbod om kortare praksisopphald innan Nordplus-programmet (minimum 4 veker), men alle studentar skal oppmodast til lengre praksis- og studieopphald i utlandet.

Resultatmålet vart nådd.

Resultatmål 5: HSF skal auka talet på engelskspråklege semesteremne til 4 for studieåret 2006/07.

Også dette målet vart nådd med følgjande fem emne:

- About Norway in Norway,
- Comparative studies of Education,
- Fjord Heritage og
- From Mountain to Fjord
- Nursing of Somatic Illness and Injury

Resultatmål 6: Det skal arbeidast for at studentar på mastergradsstudium skal få informasjon om delstudium og praksis i utlandet på lik line med studentar på bachelorstudium. Dette fungerer så langt ikkje godt nok, men ansvarlege for masterstudium ynskjer å få desse tilboda på plass i samarbeid med internasjonale koordinatorar.

Resultatmål 7: I samarbeid med nordiske landbruksuniversitet skal det arbeidast vidare med sikte på ein felles internasjonal mastergrad i landskapsstudium (NOVA landskap). I 2006 er det laga ein samla studieplan for masterstudiet som er på høyring hos nasjonale og internasjonale organ.

Delmål 1.6: Høgskulane skal utvikla gode ordningar for godkjenning og innpassing av utdanning frå utlandet, og skal arbeide for å oppnå ECTS-sertifisering og sertifisering av ordninga med vitnemål (Diploma Supplement Label).

Resultatmål 1: HSF skal arbeide for å gjera sakshandsaminga for godkjenning og innpassing av utdanning frå utlandet så kort og smidig som mogleg. Det er utarbeidd rutinar som del av Kvalitetshandboka.

Resultatmål 2: HSF skal søkja om DS-label innan 1. mars 2006. HSF søkte og fekk underkjent søknaden til liks med dei fleste norske institusjonane på bakgrunn av ein formal feil som var i den norske malen.

Resultatmål 3: Studiehandboka skal gjerast tilgjengelig på engelsk på veven som ein del av førebuinga til å søkja ECTS-label. Det er varierende kor langt dei forskjellige fagavdelingane har kome på dette området. Ingen av avdelingane er ferdige innan utgangen av 2006.

Delmål 1.7: Høgskolene skal sikre fysisk og psykisk læremiljø og legge til rette for at funksjonshemmede kan studere ved institusjonen.

Resultatmål 1: Søkjarar med funksjonshemming skal likestillast med ordinære søkjarar ved opptak til høgskulen sine utdanningar. Dei funksjonshemma søkjarane høgskulen har fått i 2006 er handsama på line med andre søkjarar.

Velferdskonsulent og eksamenskonsulent fungerer som kontaktpersonar for funksjonshemma studentar og sikrar at deira behov vert stetta.

Dei mest vanlege tiltaka på individuelt nivå er knytt til tilrettelegging i samband med eksamen. Tilrettelegging av fysiske tilhøve for syns- og hørslehemma studentar vart gjort i samråd med vedkomande studentar og deira hjelpeapparat.

Resultatmål 2: Universell utforming skal ligge til grunn for all planlegging av nybygg og ombygging i høgskulen.

Høgskulen har fokus på tilrettelegging av læringsmiljøet. Særleg kjem dette fram under planlegging av nybygg og ombygging i høgskulen. Sidan høgskulen leiger bygg av ulik alder og kvalitet har vi likevel potensial for betring på fleire område.

I 2006 flytta høgskulen ut av Flåtengården og over i nye lokale i Stadionbygg. Dette resulterte i at vi flytta frå areal med relativt dårleg tilkomst og over til lokale som er betre tilrettelagt for personar med fysiske funksjonshemmingar.

Statsbygg kartla bygningsmassen i høve til universell utforming i sine utleigeareal i 2006. Fleire ombyggingar er gjennomført i kjølevatnet av dette. Blant anna bygging av rampe for rullestolbrukarar. Utviding og renovering av av HC – toalett for å stette dagens krav. Betre merking av trappetrinn m.m. Dette arbeidet vil fortsette i 2007.

Resultatmål 3: Læringsmiljøutvalet skal synleggjerast betre.

Arbeidet med å utvikla arbeidet i LMU og synleggjera dette betre har halde fram i 2006, men det er framleis potensiale for å gjera dette betre. Utvalet har mellom anna handsama saker om handlingsplan for funksjonshemma, ruspolitikk, planar om nybygg i Sogndal, lesesalssituasjonen ved høgskulen og ei planlagt undersøking blant studentane om det samla læringsmiljøet.

Kapittel 2 Forsking og utvikling

Hovudmål 2: Universitet og høgskular skal oppnå resultat i forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal klasse

1. Generelt om fou i 2006

I 2006 vart det gjort viktige vedtak i fou-utval og styre om ein konsentrasjon av fou-verksemda ved HSF kring utvalde område. Dette er ei direkte oppfølging av strategiplanen som vart vedteken våren 2006. HSF er no i ferd med å etablere fleire forskingsgrupper med egne forskingsleiarar på fem ulike område; tre av desse innanfor profesjonsfaga våre. Det er òg i gang eit spennande samarbeid mellom HSF og VF om reiselivsforskning med etablering av eit felles forskingsinstitutt for geoturisme og berekraftig reiseliv. Senteret skal etablerast våren 2007. HSF har sett av kr 750.000 til denne spissa fou-satsinga for 2007.

Også på avdelingane er forskingsinnsatsen konsentrert, gjennom egne fou-planar som har definert satsingsområde for fou. Individuelle forskingsressursar vert i aukande grad tildelte etter søknad basert på resultat. Publiseringsmodellen som KD brukar, vert gradvis teken i bruk ved tildeling av fou-ressursar også ved HSF, både kollektivt og individuelt.

I 2006 fekk HSF sitt tredje strategiske høgskuleprosjekt. Det var innanfor eit av spissområda våre; organisasjon og leing. Det aktuelle prosjektet, som går over fire år med ei løyving på over 6 mill. kroner, skal studere dei store nasjonale styringsutfordringane innanfor helse- og sosialsektoren frå ein lokal synsstad. Åtte forskarar er med i prosjektet, deriblant ein doktorgradsstipendiat og ein post-dok stipendiat. Professor Oddbjørn Bukve er prosjektleiar.

HSF fekk i 2006 også to nye professorar. Dei to er Knut Rydgren og Brynjulf Stige. Begge fekk opprykk til professor gjennom ordninga med kompetansevurdering. Rydgren er professor i botanisk økologi, og knytt til HSF sin fagmiljø i kulturlandskap og landskapsøkologi. Stige er professor i musikkterapi. Han har gjort unna heile si akademiske karriere ved HSF, sidan han byrja som høgskulelærar på Sandane i 1988. Han har framleis 40 pst. stilling ved HSF, sjølv om fagstudiet no er flytta til UiB. Både Rydgren og Stige er faglege einarar innanfor sine respektive felt. Dei er begge leiarar for kvart sitt SHP-prosjekt ved HSF.

For 2006 er det i Forskdok registrert i alt 320 fou-resultat mot 359 i 2005. Talet på vitenskaplege publikasjonspoeng er ca. 41, ein nedgang på fem frå 2006, men noko over nivået i 2004 (38,4).

HSF fordeler fou-ressursane til avdelingane etter følgjande budsjettmodell:

1. "Basisressurs" – 10 pst av samla tal på arbeidstimar i undervisning ved avdelinga
2. "Stillingsressurs" – fordelt etter talet på førstestillingar og professorar
3. "Resultatressurs" – fordelt etter vitenskaplege publiseringspoeng og omfanget av eksterne inntekter (inklusive NFR- og EU-inntekter)

I 2006 vart det i tillegg sett 3,9 mill. kroner til strategiske fou-formål på institusjonsnivå. Desse midlane vert brukte til doktorgrads- og førstelektorstipend, til ekstra fou-ressursar til mastergradsstudia våre, til samarbeidsprosjekt VF/HSF.

Når det gjeld støtteordningar for ”å betre forskingsvilkårene”, er ordninga med forskingsgrupper med eigne forskingsleiarar, finansierte av institusjonen, eit godt instrument for dette. Det vert ytt hjelp frå sentral og avdelingsvis fou-leiing når det gjeld arbeid med å skrive større søknader. Så langt har vi ikkje vurdert å byggje opp eigen kompetanse når det gjeld EU-søknader. Vi vil i staden basere oss på eit samarbeid med Vestlandsforskning.

Dei strategiske fou-midlane på institusjonsnivå vert i aukande grad nytta til nettopp strategiske satsingar og i minkande grad til individuelle doktorgradsstipend. Satsinga på forskingsgrupper og forskningssamarbeid med Vestlandsforskning er gode døme på slike nye strategiar og omstillingar. Vi etablerer forskingsgrupper på dei fagområda der vi er relativt sterkast, og der vi i samarbeid med andre ser gode sjansar for å lykkast. På helseområdet (”klinisk helseforskning”) vil vi byggje opp ei felles forskingsavdeling saman med Helse Førde.

Doktorgradssatsinga vår baserer vi no i stor grad på stipendiatstillingar over statsbudsjettet, gjennom NFR-prosjekt og andre eksterne og interne (avdelingsvise) midlar. For inntil eit par år sidan gjekk derimot mesteparten av dei strategiske fou-midlar til slike stipend.

Vi har også i 2006 følgd opp NOKUTs evaluering av sjukepleiarutdanninga vår, ved å tildele særskilte førstelektorstipend og stipendiatstilling til Avdeling for helsefag. Avdelinga har sjølv no knytt til seg 5-6 eksterne fagpersonar i bistillingar (10-20 pst.) som professor- eller førsteamanuensis II.

2. Delmål og resultatoppnåing 2006

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av delmål og resultat for 2006, og ei vurdering av i kva grad desse har vorte realiserte.

Delmål 2.1: Dei statlege høgskulane med profesjonsutdanning skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid og kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane.

Resultatmål 2006:

- HSF vil stimulere til og byggje fellesarenaer og forskingsgrupper. Vi vil i 2006 særskilt leggje til rette for dette når det gjeld profesjonsforskning.
- Vi skal ha årlege møte og drøftingar med representantar for dei relevante yrkes- og næringssektorane
- Vi tek sikte på å kome med i NFR sitt forskingsprogram for praksisretta fou og/eller Utdanningsdirektoratets Program for skoleutvikling, i samarbeid med skular/skuleverket i regionen
- Vi skal skipe til fagdag hausten 2006 med profesjonsforskning og -utvikling som hovudtema
- Vi skal gi ekstra ressursar til kompetanseheving for mastergrad i lærarutdanning og for utvikling av høgare kompetanse i helse- og sosialfaga våre.

Resultat/oppfølging 2006

Måla ovanfor er godt oppfølgt av HSF i 2006.

Høgskulen vedtok i 2006 ein ny strategiplan. Når det gjeld fou, slår denne planen fast at HSF skal "organisera fou-arbeidet kring tema som har ein yrkesrelevant profil med ein seniorforskar som leiar".

Gjennom vedtak i fou-utvalet og styret vart det i desember 2006 vedteke å skipe forskingsgrupper med eigne forskingsleiarar i fagområda "organisasjon og leiing" og "kulturlandskap". Fagområda "profesjonsforskning", "klinisk helseforskning" og "læringsforskning" er inviterte til leggje fram ein 2-3 årig utviklingsplan for sine område innan 1. mai. Om planane vert godkjende, skal det tilsetjast forskingsleiarar på dei tre områda. I tillegg er det under oppretting forskingsgrupper i "reiseliv" og "ikt" i samarbeid mellom HSF og Vestlandsforskning. Stillinga som forskingsleiar i reiseliv ("geoturisme") har vore breitt lyst, og er no under tilsetjing. På dei andre område vert det mest truleg engasjert interne forskingsleiarar i deltidsstilling.

Denne satsinga inneber ei betydeleg spissing av fou-arbeidet ved HSF, også når det gjeld profesjonsforskning. Nyorganiseringa vil tre i kraft i løpet av 2007. Det er sett av i alt 750.000 til dette arbeidet i budsjettet for 2007.

HSF skipa i 2006 til ein eigen fagdag (under Forskningsdagane) med profesjonsforskning som hovudtema. Professor (og forskingsleiar) i profesjonsstudiar ved HiO, Lars Inge Terum, var invitert til å halde hovudinnleiinga.

HSF sette i 2006 gjennom eigne løyvingar av ekstra ressursar til kompetanseheving i tilknytning til den nye mastergraden i lærarutdanning. Når det galdt kompetanseheving i helse- og sosialfaga, sette vi av ekstra midlar til førstelektorstipend for desse fagområda. Ordningane er førte vidare for 2007. Profesjonsavdelingane våre har også vorte prioriterte ved tildeling av ledige stipendiatstillinger.

HSF leverte i 2006 søknader om å kome med i NFR sitt forskingsprogram for "Praksisretta fou for grunnopplæring og lærarutdanning." Vi fekk ikkje innvilga noko hovudprosjekt, men fekk forprosjektmidlar til utvikling av ein søknad. Saman med skular i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre var vi òg part i søknader om prosjektmidlar frå Utdanningsdirektoratets Program for skuleutvikling. Ingen av desse søknadene vart innvilga. Vi leverer og er medspelarar i nye søknader både til NFR-programmet og Utviklingsdirektoratets program i 2007.

Delmål 2.3: Høgskulane skal bruke det internasjonale kunnskapstilfanget i forskinga og i utviklingsarbeidet

Resultatmål 2006:

- HSF skal stimulere til skriving av og premiere artiklar og monografiar som vert aksepterte i godkjende internasjonale publiseringskanalar
- HSF skal auke talet på vitenskaplege papers som vert aksepterte for framlegging på internasjonale forskingskonferansar
- Forskningsgruppene ved HSF skal delta i internasjonale faglege nettverk og samarbeide om internasjonale fou-oppdrag
- HSF skal styrkje den faglege innsatsen i internasjonale nettverk.

Resultat/oppfølging 2006

Vi er middels nøgde med resultatoppnåinga på dette feltet.

Vi vil peike på at HSF dei siste åra styrkt arbeidet med internasjonalisering. Særleg gjeld dette talet på utveksling av studentar og tilsette, både inn- og utreisande. Det er òg tilsett internasjonale ko-ordinatorar (deltid) ved alle avdelingane.

Når det gjeld (internasjonal) fou, er det stor merksemd kring det å publisere i engelskspråklege vitskaplege tidsskrift og delta med papers internasjonale forskingskonferansar. For å stimulere til meir arbeid og betre kompetanse på dette feltet, skipa vi i 2006 vi saman med Vestlandsforskning til eit to-dagars seminar i "Academic Writing in English". Det var eit vellykka kurs med god deltaking.

HSF har så langt skåra høgt når det gjeld internasjonal vitskapleg publisering. Også for 2006 er vi godt nøgde med oppnådde publikasjonspoenga. Talet på papers og posters på internasjonale forskingskonferansar er svakt stigande. Internt har vi ordningar som stimulerer til dette. Fagfolk som får akseptert papers for presentasjon på internasjonale vitskapelege konferansar får alltid dekt utgifter i samband med deltakinga.

Internasjonalt fagleg samarbeid har i 2006 mellom anna vore knytt til Zambia.

Delmål 2.4: Høgskulane skal styrkje fagleg leiing og leggje til rette for at profesjonsretta forskning og utviklingsarbeid eller kunstnarleg utviklingsarbeid vert organisert i gode fagmiljø (KD).

Resultatmål 2006:

- HSF skal peike ut ein felles fou-ansvarleg for profesjonfagleg fou og etablere ei eiga styringsgruppe for arbeidet
- Organisere fou-arbeidet elles i forskingsgrupper med ein seniorforskar som leiar
- Tilsetje/utpeike forskingsleiarar i reiseliv og bruksretta ikt i samarbeid med Vestlandsforskning
- Opprette fou-utval på alle avdelingane
- HSF skal gjennom internt leiarseminar spesielt drøfte fagleg leiing/fagleg leiarskap på institusjons- og avdelingsnivå.

Resultat/oppfølging 2006

Vi er godt nøgde med oppfølginga på dette området.

Ei arbeidsgruppe ved HSF la i november 2005 fram eit forslag til vidareføring og organisering av HSF sitt arbeid med profesjonsfagleg forskings- og utviklingsarbeid. Denne innstillinga har lege til grunn for arbeidet vårt med profesjonsforskning, med mellom anna eigen fagdag avsett til å drøfte temaet.

Vi gjekk i 2006 vekk frå intensjonen om å peike ut ein felles fou-ansvarleg for profesjonsfagleg fou og å etablere ei eiga styringsgruppe for arbeidet. I staden har vi, som nemnt ovanfor, vedteke å etablere fleire forskingsgrupper med eigne forskingsleiarar. Tre av desse er innanfor profesjonsfaga.

Som det òg går fram av avsnittet under delmål 2.1 er det i 2006 vedteke i fou-utval og i styre å organisere HSF sitt prioriterte fou-arbeid egne forskingsgrupper med egne forskingsleiarar. Det er dessutan under tilsetjing i fellesstillinga mellom HSF og VF som forskingsleiar i reiseliv. Når det gjeld ikt, driv ei felles arbeidsgruppe på med ei utgreiingsarbeid om arbeidsområde og organisering.

På reiselivsfeltet er eit eige forskingssenter i ”Geoturisme og berekraftig reiseliv” under skiping, i samarbeid mellom HSF og VF. Eit eige forskingsprogram for senteret ligg føre. Senteret vert opna våren 2007. Forskarar i reiseliv, naturfag, idrett og friluft ved VF og HSF vert knytte til senteret.

Tre av avdelingane ved HSF, dei tre profesjonsavdelingane, har egne fou-utval. Leiarane i desse utvala spelar ei aktiv rolle i utviklinga av fou-verksemde ved avdelingane og når det gjeld tildeling og oppfølging av interne fou-ressursar.

Modellar for fagleg leiing/leiarskap er gjenstand for kontinuerleg drøfting og evaluering ved HSF. HSF vil halde fram ordninga med tilsette dekanar på dei fem avdelingane. Frå 2007 vert det sett i verk ordning med tilsett rektor. På institusjonsnivå har HSF ein fou-leiar i stab underlagt direktøren, og eit eige fou-utval med fou-leiar som sekretær.

Delmål 2.5: Høgskulane skal samarbeide internasjonalt om profesjonsretta og kunstnarleg forskning og utviklingsarbeid (KD).

Resultatmål 2006:

- HSF skal i løpet av dei neste åra verte deltakar i minst to internasjonale profesjonsretta fou-prosjekt
- Talet på faglege og reelle samarbeidsavtalar med utanlandske fou-institusjonar skal aukast årleg.
- Internasjonalt utdanningssamarbeid skal i aukande grad også inkludere fou
- Talet på internasjonale gjesteforskarar med lengre opphald ved HSF skal aukast

Reultat/oppfølging 2006

Måla ovanfor er langsiktige. Middels oppfølging/resultatoppnåing i 2006.

HSF sitt internasjonale arbeid har vorte styrkt siste åra. Mesteparten av vekta har vore lagt på utdanningssamarbeid. I aukande grad vil vi leggje til rette for at dette òg skal inkludere fou. Det inneber òg at utvikling av fou vert ein del av arbeidsfeltet til dei internasjonale koordinatorane på avdelingsnivå og eit sterkare samarbeid mellom fou-leiing og internasjonal koordinator. Det er eit omfattande internasjonalt forskningssamarbeid knytt til gjennomføring av det strategiske høgskuleprosjektet HSF har i musikkterapi. Men HSF har så langt ikkje klart å få veksande internasjonalt utdanningssamarbeid til også å omfatte fou.

Delmål 2.6: Høgskular skal lyse ut stillingar i EUs forskarmobilitetsportal. Dette gjeld også stipendiat- og post.dok-stillingar (KD).

Resultatmål 2006:

- HSF vil vurdere korleis vi skal nytta denne portalen i utlysing av stillingar.

Resultat/oppfølging 2006

HSF har delteke på NFR-seminar om ERA-MORE. Spørsmålet om iverksetjing av ulike ordningar som kan bidra til forenkla og auka mobilitet blant forskarar, har vore drøfta på leiingsnivå. Så langt har vi ikkje skrive under noko avtale om bruk av ERA-MORE, eller teke denne portalen i bruk ved utlysing av stillingar.

Delmål 2.7: Høgskulane skal leggje til rette for utvikling av høgare kompetanse gjennom fleire doktorgrader og førstelektorstillinger, særleg innanfor profesjonsfaga (HSF-formulert delmål)

Resultatmål 2006:

- talet på avlagte doktorgrader skal dei neste åra vere i gjennomsnitt 3-4 per år
- talet på opprykk til førstelektor skal dei neste åra vere i gjennomsnitt 2 per år
- opprette faglege forum for doktorgradsstudentar og for dei som arbeider mot førstelektoropprykk
- følgje opp kompetanseutviklinga i helse- og sosialfag med sikte på framtidig NOKUT-evaluering

Resultat/oppfølging 2006

Vi er middels godt nøgde med oppfølging/resultat i 2006

Det vart avlagt to doktorgrader ved HSF i 2006, Éin tilsett fekk opprykk til førstelektor, og to tilsette fekk opprykk til førsteamanuensis utan avlagt doktorgrad. Alle desse galdt tilsette i profesjonsutdanningane våre. Vi har prioritert desse utdanningane ved tildeling av stipendiatstillingar og i 2005 og 2006, særleg, ved tildeling av førstelektorstipend. For helsefagutdanninga (sjukepleie) er dette konkret knytt til krava i NOKUT-sertifiseringa. Når det gjeld sosialfaga, ønskjer vi å stå best mogleg rusta til ei NOKUT-evaluering av desse utdanningane.

a) Talet på nye doktorgradsavtalar

Det er inngått to nye doktorgradsavtalar i 2006.

Tabell 2.1 Nye doktorgradsavtalar, heile 2006

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
Idrett Lærarutdann.	1	1			1	0
Totalt	1	1			1	0

b) Registrerte personar i organisert forskarutdanning

Tabell 2.2 Samtlege doktorgradsavtalar, haust 2006

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
Allmennlærarutd/ped.	3	2				
Anna ped						
Idrettsfag	3	0			2	0
Mat/nat-fag	3	2	1	1		
Ingeniørfag	1	0				
Øk.fag	2	1				
Helsefag	3	2	1	1		
Samf.vit.fag	3	1				
Sosialfag	2	2				
Psykologi					1	1
Totalt	20	10	2	2	3	1

Dei i alt 25 registrerte doktorgradsstudentane (opptekne på doktorgradsprogram) er tekne opp på doktorgradsstudiar ved ei rekkje ulike universitet og vitskapslege høgskular, med UiB som den viktigaste institusjonen, jf. nedanfor:

UiB	8
UiO	5
NHH	2
NTNU	3
NIH	5
UiTø	1
Utlandet	1 (Aalborg Universitet)
I alt	25

Av dei 25 registrerte er 13 kvinner. Tabellen inkluderer også personar som har fullført tida si som stipendiat og/eller med intern doktorgradsfinansiering, men som enno ikkje har disputert. Nokre av dei som tabellen omfattar, har dessutan gjennomført mesteparten av doktorgradsutdanninga før dei begynte ved HSF. Ein person arbeidde i 2006 med graden dr.philos (øk.fag)

c) Talet på avlagde doktorgrader i 2006

Tabell 2.3 Avlagde doktorgrader i 2006

Studium	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Noregs forskingsråd		Finansiert over andre kjelder	
	Totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
Pedagogikk Humanistiske fag	1	1			1	1
Totalt	1	1			1	1

Dei avlagde doktorgradene var ein doktorgrad i pedagogikk (UiO) og ein i kunsthistorie/litteraturvitskap (UiB). Begge tilsette er knytte til lærarutdanninga. Så langt har éin person (naturfag) disputert i 2007. Vi reknar med at i alt 5-7 personar vil disputere i 2007.

Vi har skipa eit forum for doktorgradsstudentar, med 1-2 samlingar per år. Nokre av doktorgradsstudentane er elles medlemmer i doktorgradsnettverket til Vestnorsk Nettverk-Forskarutdanninga, eit nettverk som har vore nyttig for oss.

Delmål 2.8: Høgskulane skal utvikle ordningar som stimulerer til vitenskapleg publisering av høg klasse (HSF-formulert delmål)

Resultatmål 2006:

- HSF skal stimulere til auka vitenskapleg publisering, som gir utteljing i KDs budsjettmodell. Særleg viktig for HSF når fagmiljøet i musikkterapi vert overført til UiB.
- Gjennom auka samarbeid med VF skal HSF sikre deltaking i fleire EU-finansierte prosjekt
- HSF skal søkje om nye strategiske høgskuleprosjekt i 2006 (NFR)
- HSF skal søkje å auke talet på eksternfinansierte profesjonsfaglege prosjekt (NFR og andre)
- HSF skal skipe til internseminar om prosessen ved å skrive og få akseptert artiklar i vitenskaplege tidsskrift

Rapport/oppfølging 2006

Vi er middels nøgde med oppfølging/resultat 2006

Den nye budsjettmodellen for forskingsløyving har ført til auka merksemd kring vitenskapleg publisering. HSF kom godt ut av denne ordninga i 2004 og 2005. Særleg i 2005 var fagmiljøet vårt i musikkterapi som skåra høgt, og stod for 26 av 46 registrerte publikasjonspoeng. Studiet i musikkterapi har no flytta frå HSF til UiB. Men det forskingsprosjektet som fagmiljøet har gjennom NFR si ordning med Strategiske høgskoleprogram (SHP) er framleis knytt til HSF. To forskarar og éin doktorgradsstipendiat (pluss prosjektleiar) er engasjerte i dette prosjektet. Desse bidreg godt til å halde oppe publikasjonspoenga ved HSF også i 2006. Samla poengproduksjon i 2006 er ca. 41 poeng. Enno er det nokre få fagmiljø og enkeltforskarar som i (for) stor grad står for poengproduksjonen. Fagmiljøet i musikkterapi stod i 2005 for meir enn 50 pst. poenga. I 2006 står dette fagmiljøet for 27 pst. av publikasjonspoenga.

HSF skårar også rimeleg bra når det gjeld løyvingar frå NFR. I 2006 fekk vi nok eit strategisk høgskuleprosjekt, slik at vi no er mellom dei få høgskulane som har tre slike prosjekt. Derimot har vi hatt dårlegare utteljing på andre søknader til NFR. Det vert også sendt for få søknader til NFR frå HSF. Vi nådde i 2006, som alt nemnt, ikkje fram med hovudsøknad til NFR-programmet ”Praksisretta fou for grunnopplæring og lærerutdanning”. Vi søker dette programmet, som no er utvida også til å omfatte barnehage, også i 2007. Vi søker også i 2007 om nye strategiske høgskuleprosjekt.

I 2006 skipa vi til seminar om arbeidet med å skrive og få akseptert artiklar i internasjonale fagfelleverderte tidsskrift, og seminar om det å skrive akademisk på engelsk.

Hovudmål 3 Universitet og høgskular skal vera lærestader og forskingsinstitusjonar med evne til møta behova i samfunnet

Delmål 3.1: Dei regionale høgskulane med profesjonsutdanningar skal samarbeida med regionalt arbeidsliv om å utvikla utdanningstilbod i samsvar med regionale kompetansebehov.

Resultatmål 2006:

- Vidareføra ein modell med opptak på deltidsutdanning annakvart år i:
 - Sjukepleieutdanning
 - Allmennlærerutdanninga
 - Førskulelærerutdanninga
 - Praktisk/pedagogisk utdanning
- Oppretthalda talet studieplassar i vidareutdanningane frå 2005/06 nivå.
- Faste drøftingsmøte med yrkessektorane for å fastsetja fagleg profil på vidareutdanningane.
- Auka inntektene på eksternt finansierte studietilbod innanfor profesjonsfaga og HSF sine øvrige fagfelt.
- Etablera mastergrad innanfor allmennlærerutdanninga.
- Skapa økonomisk handlerom til å vidareføra ei satsing på studietilbod retta mot reiseliv og naturbaserte opplevingsnæringar.

Høgskulen har i det alt vesentlege oppfylt resultatmåla under dette delmålet. Rekrutteringa til deltidsutdanningane er tilfredsstillande og det gjev grunnlag for å halda fram omlegginga til opptak annakvart år med base på studiestadane.

Vidareutdanningane rekrutterer godt og vert vidareført på uendra nivå. Det er ei viss "spenning" om satsinga på mastergrad i lærarutdanninga er mogleg utan ein viss reduksjon i vidareutdanningstilbodet.

Aktiviteten på eksternt finansiert verksemd er aukande også innan profesjonsfaga.

Mastergraden i tilpassa opplæring er etablert med UiO som fagleg ansvarleg.

I 2006 vart det arbeidd med å skapa eit økonomisk grunnlag for den strategiske satsinga på reiseliv og naturbaserte opplevingsnæringar. Budsjettet for 2007 har gitt klarsignal for denne satsinga sjølv om den økonomiske ramma vart markert redusert.

Delmål 3.2: Dei statlege høgskulane med profesjonsutdanning skal samarbeida med regionale verksemdar om innovasjon, FoU og utviklingsarbeid.

Resultatmål 1: Auka oppdragsverksemd innanfor høgskulen sine fagområde
 Omfanget av den eksternt finansierte verksemda aukar. I 2006 var dei inntektene totalt 10,1 mill. kroner, mot 7,1 mill. kroner i 2005. Av desse inntektene var 0,4 mill. kr tilskot frå EU, og dette var på same nivå som 2005. Alle avdelingane utanom Avdeling for helsefag har auka i den eksternt finansierte verksemda.

Resultatmål 2: Organisera fou-verksemda vår i forskingsgrupper kring tema med yrkesretta profil

Når det gjeld organisering i forskingsgrupper, viser vi til det som er sagt ovanfor under delmåla 2.1 og 2.4.

Resultatmål 3: Vidareføra ressurstildelinga til valfagskurs i entreprenørskap/ innovasjon

Valfaget i entreprenørskap er vidareført. Elles kan følgjande kommenterast i forhold til departementet sine spørsmål:

- For alle problemstillingar kring FoU, sjå delmål 2.1 og 2.4.
- Det er (minst) ti undervisningstilbod i høgskulen som er relevante i nyskapingssamanheng (tabell 1.24). Tilbodet Bygdeturisme (10 sp) er nytt. Det er utvikla i samarbeid med næringsaktørar, næringsorganisasjonen Norsk Bygdeturisme og Gardsmat, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Innovasjon Noreg. Emnet Forretningsidé og forretningsplan (10 sp) er eit tilbod til alle studentane ved HSF.
- Det er opplæring i det pedagogiske og faglege verktøyet REAL (Rural entrepreneurship through action learning) både i allmennlærerutdanninga og PPU. Det er òg gjennomført opplæring i REAL for lærarar i vidaregåande skule og grunnskule, med og utan studiepoeng.
- Nye skattefunnprosjekt: Tre nye avtalar med samla budsjett på ca. 1,2 mill. kroner
- Resultat av prosjektet Næringsretta høgskulesatsing (NHS).
 - Tilbodet Bygdeturisme (10 studiepoeng)
 - Gjennomført praksisplassopphald i bedrifter (3 studentar)
 - Traineestilling i bedrift (ei stilling, ingeniørfag)
 - Studentar knytt til bedrift i prosjekt i bachelorgrad (6 studentar)
 - Tre nye SMK-prosjekt
 - Entering China – kurs for bedrifter som ynskjer å etablere ha samarbeid med partnerar i Kina (25 deltakarar)

Delmål 3.3: Høgskulane skal formidla resultata av forskning og utviklingsarbeid til ålmenta og ulike interessegrupper (KD).

Resultatmål:

- Laga ein modell for formidling av fagleg aktivitet på veven og starta implementering av denne.
- Styrka informasjonsarbeidet i HSF både gjennom betre organisering og større ressurstildeling.
- Motivera og belønna tilsette som driv formidlingsarbeid.

Resultat/oppfølging 2006

Vi er godt nøgde med oppfølging/resultat i 2006 på dette området.

Gjennom ein større prosess la HSF i 2006 om vevsidene sine. Eit viktig mål med denne omlegginga har vore å styrkje formidlinga av fagleg aktivitet på veven. Vevsidene er òg vår viktigaste informasjonskanal. I 2006 har det vore arbeid mykje med å leggje til rette for meir fagleg presentasjon på veven. Mykje av dette arbeidet er knytt til det å rekruttere fleire studentar.

Det står likevel att betydeleg meir arbeid med dette. På den bakgrunn og for å styrkje det generelle informasjonsarbeidet ved Høgskulen, har styret vedteke å gjere stillinga som informasjonsrådgjevar til ei full stilling i stab under direktør/rektor. Det er òg oppretta ei eiga stilling som rekrutteringsansvarleg.

Som resultat av dette vil også det fagleg formidlingsarbeidet ved HSF verte styrkt. HSF har to faglege prisar som begge skal stimulere til god brukar- og allmennretta formidling. Dette gjeld prisen for utoverretta arbeid og det gjeld fou-prisen, der formidling er eit av kriteria. Vi har i 2006 elles avventa resultatet av departementets behandling av innstilling nr 2 frå det såkalla Formidlingsutvalet.

Delmål 3.4: Dei statlege høgskulane skal gjennom tiltak i studentrekrutteringa medverka til ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad

Resultatmål: Vurdere spesielle rekrutteringstiltak på studium der det er realistisk at HSF kan medverke til mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad
Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) har i fleire år arbeidd aktivt for å rekruttere menn til førskulelæraryrket. HSF hadde i 2006 ein større del menn i førskuleutdanninga (20%) enn nokon annan høgskule i landet. Det ser ut som om tiltaka har vore med på å skape ei oppfatning blant mannlige søkjarar om at HSF har ein fagleg fokus på menn i førskulesektoren og likestillingsarbeid blant barna. HSF mottok i 2006 Kunnskapsdepartementet sin pris for rekruttering av menn til førskulesektoren.

HSF vil halde fram med arbeidet med å rekruttere fleire menn til førskulelæraryrket og vil setje fokus på likestilling i barnehagesektoren både i fagmiljøet og i utdanninga.

Delmål 3.5 Dei statlege høgskulane skal auka rekrutteringa av studentar med minoritetsspråkleg bakgrunn

Resultatmål: Vurdere spesielle rekrutteringstiltak på studium der det er realistisk at HSF kan auka rekrutteringa av studentar med minoritetsspråkleg bakgrunn
HSF har i 2006 ikkje hatt rekrutteringstiltak som var spesielt retta mot studentar eller potensielle søkjarar med minoritetsspråkleg bakgrunn.

Delmål 3.6: HSF skal styrka forskingsaktiviteten i Sogn og Fjordane gjennom eit meir forpliktande samarbeid med Vestlandsforsking (HSF).

Resultatmål:

- Etablere ein forpliktande samarbeidsmodell med Vestlandsforskning der det primære målet er at HSF vert majoritetseigar i Vestlandsforskning AS.
- Etablere forskingsgrupper i lag med Vestlandsforskning innanfor reiseliv og bruksretta ikt.

Resultat/oppfølging 2006

Vi er godt nøgde med oppfølging/resultat 2006

Innstillinga frå VF/HSF-utvalet i 2005 foreslo at VF skulle omdannast til eit aksjeselskap med HSF som majoritetseigar. Dette arbeidet er no lagt på vent inntil vidare. I staden har det i 2006 vorte arbeidd målretta med å etablere forskingsgrupper saman med VF innanfor fagområde reiseliv og bruksretta ikt. Dette arbeidet har kome lengst på det førstnemnde området; jf. det som er sagt ovanfor under delmål 2.4.

Hovudmål 4: Universitet og høgskular skal ha personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnytting av ressursane

Ressursbruk og resultat

Det er ei utfordring å gje styret god styringsinformasjon som viser realøkonomien ved institusjonen . Rekneskapsmalen frå departementet er ikkje eigna som styringsinformasjon til dette føremålet. Tabell 1 er eit forsøk på å syne realøkonomien ved høgskulen og einingane innanfor den bevilgningsfinansierte verksemda. Det er fullt samsvar mellom rekneskapstala i desse to ulike måtane å framstilla høgskulen sin økonomi på når ein i tillegg tek omsyn til tala frå den eksternt finansierte verksemda.

Tildelt budsjettramme	212 965
Overført overskot 2005	800
Midlar til desentralisert verksemd	869
Ramme til disposisjon 2006	214 634

Opprinneleg tildelt budsjettramme i Statsbudsjettet 2006 var på 212,965 millionar kroner. Ramma er auka med 0,869 mill kr som følgje av ekstra tilskot til fleksible studietilbod. I tillegg er overskot frå 2005 lagt til ramma med 0,8 mill kr.

Tabell 1 tar for seg den bevilgningsfinansierte verksemda i HSF inkl. administrativ drift av HSF Oppdrag.

Tabell 1 Resultat bevilgningsfinansiert verksemd 2006 (Beløp i NOK 1000)

Bevilgningsfinansiert verksemd	Totalt	AHF	AIN	ALI	ASF	AØS	Felles tenester	HSF Oppdrag
Løyving 2006 og øyremerkte tilskot (budsjetttramme)	214 992	25 544	15 269	41 359	17 404	17 432	97 733	250
Salg av eiendom, utstyr og lignende	1	0	0	0	0	0	1	0
Andre inntekter	3 182	576	53	1 012	20	304	1 215	0
Sum driftsinntekter	218 175	26 121	15 322	42 372	17 425	17 736	98 950	250
Lønnskostnader	-133 439	-23 457	-14 963	-33 023	-16 565	-16 459	-27 509	-1 462
Investeringer og påkostninger	-8 780	0	0	-30	0	0	-8 749	0
Andre driftskostnader	-81 473	-3 956	-1 908	-9 608	-1 562	-1 751	-62 628	-61
Sum driftskostnad	-223 692	-27 414	-16 871	-42 661	-18 126	-18 210	-98 886	-1 523
Driftsresultat	-5 516	-1 293	-1 549	-289	-701	-474	64	-1 273
Netto finansinntekt/(-kostnad)	0	0	0	0	0	0	0	0
Resultat av ordinær drift	-5 516	-1 293	-1 549	-289	-701	-474	64	-1 273
Disponeringar/avsetningar:								
Resultat 2005 tilført drift i 2006	717	0	0	-380	0	0	801	296
Endring i avsetningar frå 2005 til 2006	1 727	1 150	512	737	251	455	-1 378	0
Bruk av eigenkapital i ordinær verksemd	230	0	0	230	0	0	0	0
Årets tilførsel av dekningsbidrag frå EFV	2 472	74	82	59	4	33	610	1 609
Subsidiering av eksternt finansierte prosjekt	-260	-1	-163	-20	0	-2	-80	6
Resultat fra årets ordinære verksemd	-630	-70	-1 118	336	-446	12	18	638

Første del av tabell 1 gjev ei oversikt over inntekter og utgifter knytt til den bevilgningsfinansierte drifta i 2006. Oversikta viser eit meirforbruk (underskot) i forhold til budsjetttrammene på 5,5 mill kr. Andre del viser midlar som er tilført drifta; overskot frå 2005 på 0,7 mill kr, overført dekningsbidrag frå eksternt finansiert verksemd med 2,5 mill kr, reduksjon i avsette midlar til langsiktige tiltak med 2,4 mill kroner og overføring av eigenkapital til avdeling til bruk i drifta med 0,2 mill kr. I tillegg har avdelingane brukt 0,26 mill kr til subsidiering av eksternt finansierte oppdrag.

Avdeling for ingeniør og naturfag har det største underskotet, på 1,1 mill kr. Det gjennomført nedbemanningstiltak i 2006 som gjer at denne situasjonen vil endre seg i 2007. Resterande avdelingar går stort sett i balanse sett bort frå Avdeling for samfunnsfag som har eit underskot (mindreforbruk) på 0,4 mill kroner. Dette skuldast ei stor satsing på kompetanseheving for å møte kompetansekrava frå NOKUT.

Grovt sett betyr dette at i 2006 har inntekter og utgifter i HSF vore om lag i balanse etter fleire år med overskot. Eit underskot på kr. 630.000 ligg innanfor den usikkerheit ein må rekna med på eit budsjett på kring 215 mill. kr. Dette er ei forventa utvikling etter at løyvingsnivået vårt er blitt redusert betydeleg dei siste åra.

Økonomisk stilling og framtidsutsikter

Tabellen under syner forventa økonomisk utvikling fram til 2010. Prognosen byggjer på måltal som er justert i høve dei kuttane som er gjort i Statsbudsjettet for 2007 og som vi antar blir vidareført i tre år. Vidare byggjer studiepoengprognosen på at kvar student i gjennomsnitt tek 52 studiepoeng, noko som er eit ambisiøst nivå, men som vi meiner kan vere realistisk.

Tabell 2 Budsjettprognose 2007-2010 – endringar i løyvingar og driftsutgifter

hjb/07.03.07

Medel resultatløyving pr. 60-st.p.-eining 30
 Tal studiepoeng pr. student (heiltid) 52

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Sum
Måltal haust	2325	2296	2219	2189	2103	2070	2070	2070	
Studiepoengproduksjon - prognose	2015	2002	1957	1910	1860	1808	1794	1794	
Studiepoengproduksjon - resultat	2025	1916	1793	1974					
Løyvingsendring i høve 2004									
Basisløyving - ingeniørkutt 2005					-1000	-500			
Generelt kutt 2007					-2500	0	0		
Sum endring basisløyving					-3500	-500	0	0	-4000
Resultatløyving - studiepoeng					-4000	5430	-3424	-1547	-3541
Resultatløyving - forskning					163	-250	-500		-837
Resultatløyving - formidling									
Andre løyvingar						2000			2000
Sum reduksjon					-7337	6430	-3924	-1547	-6378
Inndekning									
Lønskostnader					-1500	-1500			-3000
Driftsmidlar - avdelingane									0
Driftsmidlar - institusjonsnivå					-1500				-1500
Strategiske midlar					-500				-500
Investeringar					-500				-500
Overført under-/overskot					600				600
Eventuelle satsingar						500	500		1000
Sum innsparingar					-3400	-1000	500	0	-3900
Akkumulert balanse					-3937	7430	-4424	-1547	-2478

Tabellen viser at Høgskulen i Sogn og Fjordane fekk ein reduksjon i løyvinga på 7,3 mill kr i høve til 2006. I 2008 vil løyvinga auke med 6,4 mill kr, for deretter å bli redusert med 4 mill kr i 2009 og 1,5 mill kr i 2010. For 2007 er driftsnivået redusert med 5 mill. kr. for å tilpassa HSF eit lægre nivå. Prognosen over viser at resultatata i 2006 gjev grunnlag for ein litt meir optimistisk prognose for den økonomiske utviklinga i HSF enn kva som låg til grunn for budsjettet for 2007. Men prognosen viser samstundes at ein auke i driftsnivået i 2007 på 1 mill. kr. pluss satsingar på planlagte studium i 2008 og 2009 genererer eit framtidig underskot.

Men for 2007 og 2008 har HSF no lagt seg på eit nøktern driftsnivå som gjev styring over den økonomiske situasjonen. Om dette er eit berekraftig driftsnivå frå 2009 vil avhenga av resultatutviklinga i 2007 og 2008.

Delmål 4.1: Høgskulen skal ha ei økonomiforvaltning som tek omsyn til dei strategiske prioriteringane ved institusjonane og framtidige økonomiske bindingar (KD).

Resultatmål 1: Ressursar til primæraktiviteten skal haldast uendra og vi skal unngå reduksjon i personalressursar så langt det er mogleg

Tabellen knytt til delmål 1.2 resultatmål 7 viser at vi har redusert tal studentar pr eigenfinansiert fagleg årsverk. Dette er eit uttrykk for at ressursane pr student har auka i 2006. På den andre sida treng ikkje eit redusert tal studentar pr fagleg årsverk vere ei eintydig positiv utvikling, td gjennom dårlegare studentrekruttering.

Resultatmål 2: Ressurstildelinga til utdanning, forskning og formidling skal i hovudsak følgje utviklinga i resultatparameter

Når det gjeld studiepoeng parameteren blir avdelingane tildelt ressursar etter faktisk tal studentar og eit forventa studenttal komande studieår, dvs haustsemesteret (jmf det som vert sagt om budsjettmodellen under delmål 4.2, resultatmål 1). Vi korrigerer ikkje for eit studenttal under nivået som er forventa, og studium som får meir studentar får heller ikkje ytterlegare ressursar utan at avviket er stort. Slik sett overfører vi ikkje resultatkravet til avdelingane, men forsøker å finne det rette nivået ved inngangen til kvart år. Dette har vore ein medviten strategi for styret, då diskusjonar om sviktande rekruttering og evt omstruktureringar bør takast i styret og ikkje overlatast til avdelingane åleine.

Når det gjeld fou og formidling vart 27% av fou-midlane på avdelingsnivået fordelt etter fou-resultat som eksterne inntekter og publiseringspoeng.

Resultatmål 3: Realistisk budsjettering for å sikre rett nivå på lite styrbare utgifter

Dette gjeld utgifter som husleige, straum og porto. I 2006 traff vi nivået ganske godt og fekk ein mindre innsparing på porto.

Resultatmål 4: Sikre avsetningar til alle bundne utgifter som styret tidlegare har løyvd midlar til eller som er finansiert gjennom eksterne kjelder

Avsettingane våre for 2006 vart redusert med om lag 3 mill kr i høve til nivået i 2005. Vi meiner at dei avsettingane som er gjort i rekneskapen for 2006 alle er reelle og tufta i inngåtte avtalar. Avsettingane er på 22,9 mill kr, og hovudføremåla er utsette stipendiatperiodar (omsorgspermisjon og oppseiing), investeringar som innflytting i nytt bygg og avsetning til kjøp av bygg, omstillingsmidlar (nedbemanning) og avsetning til friperiode for rektor, dekanar og studieleiarar, tabell 4.1.1 note 15.

Resultatmål 5: Vidare utvikling av hovudinstruks, interne retningslinjer og rutinar

Også i 2006 har vi arbeidd med vidare utvikling av retningslinjer og rutinar utleia av hovudinstruksen. Desse er samla i kvalitetshandboka til høgskulen. Vi har no regelverk og rutinar for alle område innanfor hovudinstruksen, men vi har ikkje eige regelverk for intern kontroll. Rutinar og reglar som gjeld intern kontroll er integrert i dei interne retningslinjene og rutinane på kvart enkelt område.

Likviditetsutvikling:

Vi har dei siste åra fått betre likviditet noko som skuldast auke i avsetjingane dei siste 3-4 åra. Likviditetsbeholdning pr 31.12.2006 er på 59,3 mill kr

medan behaldninga pr 31.12.2005 var på 64,8 mill kr.

Delmål 4.2: Høgskulen må vidareutvikle budsjett- og økonomisystema og sørge for naudsynt opplæring av personalet (KD)

Resultatmål 1: Sikre at budsjettmodell og økonomisystem er forstått og tilgjengeleg i organisasjonen

Budsjettmodellen er godt innarbeid i organisasjonen. Prinsippa i denne er følgjande:

- Studieprogrammet er hovudinput og dette blir vedteke i styret i november.
- Tildeling av ressursar til undervisning der input er undervisningsvolum målt i studiepoeng og planlagt tal studieplassar. Tildeling av ressursar til Fou blir gjort etter undervisningsmengde, stillingsstruktur, eksterne inntekter og publiseringspoeng. Ut frå dette får kvar avdeling ei fagleg årsverkramme. Dette blir styringsramma til avdelingane.
- Fordeling mellom fagleg årsverkramme og administrativ årsverkramme er gjort med utgangspunkt i eit høvestal på 70/30. Både auke og reduksjon i ramma føregår ut frå dette prinsippet.
- Tildeling til praksis ut frå tal studentar.
- Overslagsløyving til prognosepostar (nokre utgiftspostar) som til dømes straum og porto.
- Realbudsjettering av kjende driftskostnader som husleige og liknande
- Ei strategisk løyving som styret bestemmer nivået på.

Heile organisasjonen har innsyn i denne prosessen og all informasjon vert gjort tilgjengeleg elektronisk. Avdelingane får skriftleg melding om budsjettamma og dei føresetnader denne byggjer på.

Resultatmål 2: Sikre god styringsinformasjon slik at styret heile tida er informert om den økonomiske situasjonen i høgskulen

Styret handsamar neste års budsjett i november og desember. Vidare får dei gjennom årsoppgjeret og budsjettdokumentet som blir handsama i mars månad kunnskap om den faktiske aktiviteten året før. Revidert budsjett i september gir kunnskap om driftsnivået inneverande år. Styret blir orientert om studentopptaket på første møtet om hausten, som regel i september. Dette gir informasjon om kva nivå studiepoengproduksjonen vil vente å liggje på, om den kan forventast å avvike dramatisk frå gjeldande situasjon. Direktøren orienterer styret om søkjarinformasjonen om våren, som regel i mai møtet. Informasjon om tal førsteprioritetsøkjarar gir ein peikepinn på kor attraktive våre utdanningar er i høve andre studiestader. Styret handsamar økonomirapportar på kvart møte.

Resultatmål 3: Sørge for naudsynt kurs og opplæring generelt og innan SAP spesielt

Direktøren nyttar ulike arenaer for å informere og drive opplæring om budsjett- og økonomistyring. Leiarmøtet som vert helde om lag anna kvar veke er eit viktig møtepunkt med avdelingane. Svært mykje av budsjettdiskusjonen føregår her.

Vidare vert det gjennomført administrative samlingar for alle i høgskulen, og meir avgrensa innanfor økonomiområdet, der informasjon og opplæring er hovudfokus. Slike møte vert helde to gongar pr semester.

Økonomiarbeidet er relativt sentralisert, alt lønsarbeid, utbetaling av kostnader og fakturering skjer sentralt. Vi legg vekt på å delta på samlingar som støttar økonomiarbeidet, som Agresso brukarkurs og andre samlingar for innan sektoren.

Rekneskapsleiaren har fullført sin bachelor og starta på mastergradsutdanning. To nytilsette har delteke på tre rekneskapskurs i regi av Statskonsult.

Vi starta innføring av SAP i juni, første del, sjølv lønssystemet, vart sett i drift i november med godt resultat.

Resultatmål 4: Sørgje for at dei tilsette har kunnskap om minst eitt anna område på økonomi enn deira primære arbeidsområde gjennom jobb-rotasjon.

Benchmarking har vist at Høgskulen i Sogn og Fjordane har den minste administrasjonen av dei som deltok på undersøkinga, både målt i høve til tal studentar og i høve til tal tilsette. Målet om jobbrotasjon blir derfor ambisiøst. Gjennom innføring av SAP har vi fått til at fleire har kunnskap om lønsområdet. Innan rekneskap har ein person permisjon og vi har derfor måtte prioritere opplæring av nytilsette denne hausten.

Vi ser vi er svært sårbare. Med ein liten administrasjon der ressursane i tillegg er spreidd på fem stader, blir mange av oppgåvene som vert gjort sentralt, utført av ein person. Spesielt gjeld dette rekneskapsavslutninga og årsoppgjeret. Vi må jobbe for å redusere denne risikoen ved å bygge opp fleire med kunnskap om desse oppgåvene. Vi vil også ta i bruk nye verktøy for å standardisere arbeidet på dette området.

Resultatmål 5: Utvikle budsjettmodellen gjennom analysar av input-faktorar som faktisk forbruk, studiepoengproduksjon, personalstatistikk osv

Dette har vi fokus på og vi ser at dbh etterkvart gjennomgår forbetringar og gjev oss data og statistikk til analyseføremål. Vi har til no ikkje hatt elektronisk personalsystem og vi har forventningar til at SAP skal kunne gje personaldata og statistikk.

Resultatmål 6: Utvikle økonomisystemet slik at dette er mest mogeleg skreddarsydd til rapporteringsformål.

Vi har i mange år hatt ønskje om at departementet sine rapporteringsdata skulle danne grunnlaget for oppbygging av økonomisystemet, slik som miljødata. Til dømes er det vanskeleg for oss å rapportere bruk av miljøvennleg transport så lenge det ikkje er mulig å lese dette ut av Agresso. Så langt vi kan sjå har vi ikkje kome nærare målet i 2006.

Elles vert økonomisystemet no tilpassa nye rapporteringskrav frå departementet med ny prosjekt- og formålsstruktur.

Resultatmål 7: Innføre eigen rapport-portal for oppfølging av ekstern finansiert verksemd.

Vi har lenge hatt ønskje om å lette informasjonstilgangen for dei som driv prosjekt og ekstern finansierte verksemd i høgskulen. Agresso har ein svært høg brukarterskel for dette føremålet og vi har arbeidd med å få til ein webportal med eit enkelt forbruksbilete. Dette er noko vi har arbeidd med og etterspurt via Uninett i mange år. Vi har enno ikkje fått dette til, hovudsakleg fordi Uninett ikkje har sett seg i stand til å tilby ei slik løysing for sektoren.

Andre område

Vi vil innføre elektronisk fakturabehandling våren 2007.

Elektronisk innkjøpsstøttesystem skal innførast for heile sektoren hausten 2007/våren 2008.

E-handel vil henge saman med innføring av elektronisk innkjøpsstøttesystem og elektronisk fakturabehandling.

Delmål 4.3: Høgskulen skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit mindre kjønndelt arbeidsliv

I rekrutteringsarbeidet har vi fokus på å få til ei likevekt mellom kvinner og menn ved alle einingar. Vi meiner at vi nokre stader i organisasjonen har nærma oss dette målet.

Resultatmål 1: Arbeide for 50/50 fordeling menn og kvinner i leiarstillingar

I 2006 vart det tilsett tre dekanar, av desse var ei kvinne.

Resultatmål 2: Oppnå nasjonale målsettingar i fordeling menn og kvinner i styre og utval

Vi har ikkje hatt større utskifting av medlemmar i styre og utval i 2006.

Dette punktet vil det bli arbeidd med i 2007 når det skal oppnemnast nye medlemmer til styre og utval.

Resultatmål 3: Minst 50 % av HSF sine doktorgradsstudentar skal vera kvinner

Tal kvinner i doktorgradsutdanning har auka dei siste åra og pr dato er vel 50 % av stipendiatane kvinner.

Delmål 4.4: Høgskulen skal medverke til eit arbeidsmiljø som gir tilsette og studentar tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader og på denne måten medverke til å fremje høgskulen sine målsettingar innan forskning, undervisning og formidling (HSF).

Eit godt og inkluderande arbeidsmiljø er svært viktig for høgskulen. Det viktigaste personalarbeidet skjer lokalt ute på avdelingane. I 2006 arrangerte vi eit to dagers seminar (med overnatting) for heile høgskulen der vi hadde fokus på Strategiplanen. Tema var verksemda vår og korleis vi kunne medverke til å nå dei måla høgskulen set seg dei komande åra. Målet med seminaret var også å byggje kultur og betre relasjonane mellom dei tilsette.

Slike tiltak er viktig både institusjonelt og lokalt på einingane. Alle avdelingane har gjennomført vekeseminar der heile avdelinga er samla, og der dei har fokus på kvaliteten på det arbeidet dei gjer.

Resultatmål 1: Revidere HMS-handboka i løpet av 2006

Arbeidet med å revidere HMS-handboka har pågått i 2006 og vil vere ferdig i løpet av våren 2007.

Resultatmål 2: Gjennomføre vernerundar heile organisasjonen kvart år

Vi ser at vernerundar er viktige og at dei tilsette set pris på at verneombod og leiinga kjem ”på besøk” og ser til korleis ein har det på arbeidsplassen. Det er her høve til å ta opp i forhold knytt til ulike sider av arbeidsplassen. Gjennom desse rundane får organisasjonen kunnskap om avvik, både fysisk og i høve arbeidsmiljøet.

Vernerundene har pågått i heile organisasjonen årsskiftet 06/07.

Resultatmål 3: Gjennomføre medarbeidarsamtalar for alle tilsette med 1-2 års intervall

Medarbeidarsamtalar er eit innarbeidd verkty i heile organisasjonen, og blir gjennomført i samsvar med målsettinga.

Resultatmål 4: Alle sjukemeldte skal bli kontakta av sin næraste overordna innan femte sjukedag og ha ein kontinuerleg kontakt med arbeidsplassen

HSF har eigne rutiner for oppfølging av sjukmelde. Vi ser at vi har ei god oppfølging av sjukmelde og at det vert sett inn nødvendige tiltak i dei aller fleste tilfella.

Resultatmål 5: Ved sjukefråvær utover 8 veker skal individuell oppfølgingsplan for sjukmeld arbeidstakar skrivast / utarbeidast

Det vert skriven oppfølgingsplan for sjukmelde etter 8 vekers sjukmelding. Oppfølgingsplanen forpliktar både arbeidstakar og arbeidsgjevar på ein positiv måte og bidreg til større forståing for begge partar.

Delmål 4.5: Høgskulen skal sikre ein bygningsmasse som gir rasjonell og effektiv drift og som ivaretek eit godt inneklima (HSF).

Resultatmål 1: Halde god framdrift i planlegging av nytt sentralbygg

Forprosjektet for sentralbygg skal vere ferdig 1.4.07. Vi har som mål at Stortinget løyver startløyving i Statsbudsjettet for 2008.

Resultatmål 2: Sikre god flytteprosess i nytt Stadionbygg

Sommaren 2007 flytta høgskulen sin aktivitet inn i Stadionbygg. Utflyttinga av Flåtengården gjekk etter planen. På grunn av forsinkingar i byggjeprosessen har vi først i slutten av 2006 overteke heile leigearealet.

Resultatmål 3: Ha ei drift som sikrar optimale miljøtilhøve

Ventilasjon og temperatur vert regulert i nært samarbeid med byggeigarar og brukarar. Ynskje om maksimal luftkvalitet og komfort står ofte i konflikt med målsetjinga om lågare energibruk. Dette vert ein kontinuerleg balansegang.

Bygg og leige

Høgskulen har og i 2006 flytta til og frå leigeareal. Frå hausten 2006 leiger høgskulen om lag 27.000 m², fordelt på tre studiestadar. Arealet er fordelt mellom Statsbygg med om lag 15.500 m² og 11.200 m² på private utleigarar.

I tillegg leiger høgskulen mindre areal hjå Helse Førde både på Nordfjordeid og i Lærdal i samband med praksis for helsefagstudentar.

Sogndal

Høgskulen flytta frå sommaren 2006 inn i nye leigeareal i Stadionbygg. Samstundes flytta høgskulen ut av Flåtengården etter ei leigeperiode på over 20 år. Høgskulen reknar dette som eit byggjesteig 1, der det endelege målet er å samle høgskulen sin aktivitetar i Sogndal på ein stad.. Dette vil skjje når eit nybygg (Sentralbygget) på om lag 7000 m² står ferdig.

Førde

Nybygget i Førde sto ferdig sommaren 2005. Samstundes med innflyttinga skulle leigeavtalane med private leigetakarar avviklast. Det synt seg fort at det vart for lite kontor i nybygget, samstundes ynskte høgskulen og ein viss fleksibilitet i høve til nære samarbeidspartnarar. Høgskulen valde difor våren 2006 å inngå leigeavtale med Statsbygg om leige av Lettbygget på 340 m². Denne avtalen gjeld i fem år.

Sandane

Det har ikkje vore endringar i areal og leigetilhøve på Studiesenter Sandane i 2006.

Delmål 4.6: Høgskulen skal integrere grøn stat i verksemda gjennom å ta best mulig miljøomsyn ved innkjøp, transport, energi og avfallshandtering.

Resultatmål 1: Innføre miljøleing som omgrep i heile verksemda

Høgskulen har ikkje innført miljøleing som omgrep i bedrifta enno.

Resultatmål 2: Auke leverandørar med miljøsertifisering og tall miljømerka produkt gjennom samarbeidsavtalen (SFFI)

I anbod på varer/ varegrupper gjennomført av SFFI har ein frå 2006 stilt miljøkrav på line med miljøsertifiserte produkt og miljøkrav vert vekta 5 – 20 prosent i konkurransegrunnlaget. Det er ikkje framlagt tal som syner auke i tal leverandørar med miljøsertifisering.

Miljøspørsmål/ miljøleing

Høgskulen arbeider med å kartleggje og måle miljøparameter i eiga bedrift innan innkjøp, energi, transport og avfall.

Høgskulen deltek i eit innkjøpssamarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune m.f. (SFFI). Alle anbod frå SFFI har spesifikke krav til miljøomsyn.

Høgskulen har i samarbeid med byggeigarane redusert energibruken i våre bygg over fleire år. I frå 2001 til 2004 har energibruken vorte redusert med om lag 20 %. Dette har vore mogleg på grunn av ulike tiltak som etterisolering og meir aktivt bruk av SD-anlegg. Frå 2005 har nedgangen i det totale forbruket stagnert. Dette kan skuldast at vi alt har tatt ut gevinsten av dei ”enkle” tiltaka. Til dels har vi og auka driftstida på enkelte av ventilasjonsanlegga etter ynskje frå brukarane. Hovudbygget i Førde har hatt sitt første heile i driftsår i 2006. Det syner seg at dette bygget er det mest energikrevande arealet i høgskulen, med over 200 kWh per m² pr år. Vi reknar med dette er eit innkjøyringsproblem og at vi i samarbeid med Statsbygg etter kvart kan kome ned på meir akseptable verdiar.

Transport er truleg den faktoren som det er vanskelegast å differensiere. I praksis vil all varetransport gå føre seg med bil i vårt fylke. Persontransport føregår på fleire vis og per i dag har vi ingen enkle metodar for rapportering. Det burde truleg utviklast ein modul i rekneskapssystema som kan rapportere desse verdiane. Dette må initierast frå sentralt hald.

Høgskulen er geografisk spreidd. Dette gjer at vi blant anna har avtalar med tre ulike avfallsfirma i kommunar med ulike avfallsordningar.

Oversikt over levert avfall 2006 (kg)

Stadiestad:	Våtorg.	Rest avfall	Papir/papp	Elektrisk/data	Total pr. stad
Sandane	0	2380	1610	0	3990
Sogndal	5110	65680	31810	0	102600
Førde	0	17760	5600	0	23360
Tot. pr. fraksjon	5110	85820	39020		129950

Høgskulen har auka avfallsvolumet betydeleg i 2006 i høve til fjoråret. Dette skuldast først og fremst grovavfall levert til gjenvinning i samband med utflytting av Flåtengården. Ved ein inkurie har gjenvinningsstasjonen ikkje kunne rapportere om fordelinga mellom treavfall/møblar og elektrisk avfall/data i 2006. Difor hamnar desse fraksjonane i kategori restavfall/grovavfall.

MÅLSTRUKTUR 2007

Hovudmål 1: Høgskulane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Delmål 1.1: Høgskulen skal utdanna kandidatar med høg kompetanse med relevans for behova i samfunnet.

Resultatmål 1: Tal primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak skal vere minst 750

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2003	2004	2005	2006	
Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak	898	901	844	721	850

Resultatmål 2: Tal nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak skal vere 750

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2003	2004	2005	2006	
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert gjennom Samordna Opptak	732	721	720	623	750

Resultatmål 3: Tal nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak skal vere 750

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2003	2004	2005	2006	
Nye studentar (per 1.10.) rekruttert utanom Samordna Opptak	759	755	744	706	730

Resultatmål 4: Tal eigenfinansierte studentar per 1.10.07 skal vere minst 2700 og tal eigenfinansierte heiltidsekvivalentar skal vere minst 2200.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2003	2004	2005	2006	
Eigenfinansierte studentar	2674	2732	2810	2625	2750
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar	2294	2244	2282	2126	2200

Resultatmål 5: Samla kandidatproduksjon ved høgskulen (master, allmennlærer, bachelor, PPU) skal vere minst 450.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2003	2004	2005	2006	
Mastergrad	-	-	-	13	6
Allmennlærer	80	69	83	80	63
Bachelor Førskulelærer	21	65	29	39	10
Bachelor Sjukepleie	125	115	70	101	106
Bachelor Sosialarbeidar	91	99	80	100	95
Bachelor Samfunnsvitskap	-	-	3	7	8
Bachelor Økonomi, Reiseliv, Informasjonsbehandling	27	52	43	64	62
Bachelor Idrett, Friluftsliv	31	30	34	33	40
Bachelor Naturvitskap	9	12	29	15	15
Bachelor Ingeniør	14	12	16	15	10
PPU	35	54	22	78	26
Høgskulekandidat 2-årig	30	30	13	8	0
Samla kandidattal	463	538	422	566	441

I forhold til resultatmåla under delmål 1.1 ligg den største risikoen i studentrekrutteringa. For å nå resultatmåla for tal primærsekkjarar og nye studentar frå studium under Samordna Opptak, er høgskulen avhengig av ein vesentleg betring i rekrutteringssituasjonen. For å nå resultatmålet for nye studentar ved studium med opptak utanfor Samordna Opptak, er det heilt avgjerande at høgskulen vidareutviklar det gode samarbeidet med skuleverket og helse- og sosialsektoren i fylket.

Resultatmåla for kandidatproduksjonen tek utgangspunkt i studenttalet for det aktuelle kullet per 1. oktober i første studieår. For heiltids bachelorprogram vil det seia studenttalet i første studieår per 1. oktober 2004. Resultatmåla har som utgangspunkt at det samla kandidattalet skal vere 80% av dette studenttalet. For einskilde utdanningar er dette justert i forhold til studenttalet i avsluttande studieår hausten 2006. Det vert såleis rekna med at høgskulen i gjennomsnitt har eit netto fråfall av studentar under vegs i studiet som tilsvarar 20% av dei som byrja. Målsetjingane for 2007 er lægre enn for 2006 fordi det er få deltidskull som avsluttar utdanninga i 2007.

Delmål 1.2: Høgskulane skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrøyming.

Resultatmål 1: Tal nye studiepoeng per eigenfinansiert student skal vere 44 og per eigenfinansiert heiltidsekvivalent 52.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2003	2004	2005	2006	
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	2017	1916	1794	1974	1920
Studiepoeng per eigenfinansiert student	45,3	421	38,3	45,1	44
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent	52,8	51,2	47,2	55,7	52

Produksjonen av studiepoeng per student og heiltidsekvivalent var klårt høgre enn tidlegare år i 2006. Når ein tek omsyn til at HSF er ein høgskule med relativt mange deltidsstudentar, var produksjonen høg også jamført med andre høgskular. Noko av årsaka til den høge produksjonen i 2006 låg i omlegging av studieplanar med modulisering og i det forholdet at relativt mange deltidskull avslutta utdanninga si dette året. Moduliseringseffektane vil gi utslag også neste år, men det er grunn til å rekna med ein noko lægre produksjon per student og ekvivalent enn i 2006.

Resultatmål 2: HSF skal ha 16 studentar per eigenfinansiert fagleg årsverk i 2007.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2003	2004	2005	2006*	
Studentar per fagleg årsverk	18,2	16,9	16,2	15,7	16

Resultatmål 3: Høgskulen har eit mål om 70% gjennomstrøyming i sentrale bachelorprogram; dvs at 70% av dei som starta utdanninga skal ha fullført innan normert studietid.

Resultatmål 4: Høgskulen skal vidareføre arbeidet med utforminga av studie- og emneplanar slik at dei tydeleg klargjer læringsutbytte, og slik at dei får god samanheng mellom undervisnings- og vurderingsformer.

Resultatmål 5: Høgskulen skal bruke karakterskalaen i tråd med fastsette retningslinjer slik at karakter C vert brukt for den jamt gode prestasjon og karakteren A berre vert brukt for framifrå prestasjonar.

Resultatmål 6: Høgskulen skal tilby gode og relevante vidareutdanningar for lærarar i tråd med intensjonane i Kunnskapsløftet.

Resultatmål 7: I 2007 skal høgskulen arbeide med systematisk oppfølging av NOKUT-evalueringa av allmennlærerutdanninga.

Resultatmål 8: Høgskulen sitt kvalitetssikringssystem skal vidareutviklast.

Resultatmål 9: Høgskulen skal sikre fysisk og psykisk læremiljø og leggje til rette for at funksjonshemma kan studere her.

Resultatmål 10: I spørjeundersøkingar som blir gjennomført blant studentane, er det ei målsetjing at minst 75 % skal gi uttrykk for at dei er godt nøgde med å ha valt å studere ved HSF.

Resultatmål 11: Høgskulen skal tilby eksternt finansierte studium på minst tre fagområde der høgskulen har eit fagleg grunnlag

Delmål 1.3: Høgskulen skal ha internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet og sikrar kvalifiserte kandidatar til samfunns- og næringsliv.

Resultatmål 1: Høgskulen skal auke talet på utvekslingsstudentar over tre månader.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2003	2004	2005	2006	
Utreisande studentar	9	22	40	35	40
Innreisande studentar	28	17	17	25	30
Totalt	37	39	57	60	

Resultatmål 2: Høgskulen skal auke talet på framandspråklege emne.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2003	2004	2005	2006	
Tal framandspråklege emne	1	1	2	5	6

Resultatmål 3: Studieplanar for alle bachelor og masterprogram og lærarutdanningane og studium/emne som vert undervist på engelsk skal gjerast tilgjengelig på engelsk på veven.

Resultatmål 4: Alle emne skal ha engelsk namn.

Hovudmål 2

Høgskulane skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Høgskulane har ansvar for utvikling av praktisk retta forskning og utviklingsarbeid på sine fagområde. Høgskular som kan tildele doktorgrad, har eit særskilt ansvar for grunnforskning og forskarutdanning innanfor dei fagområda dei tildeler doktorgrad.

Delmål 2.1

Dei statlege høgskulane skal medverke til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Dei to statlege kunsthøgskulane skal arbeide med kunstnarleg utviklingsarbeid, forskning, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd innanfor aktuelle kunst- og designfag.

Resultatmål 1: Svak auke i publikasjonspoeng, NFR-midlar og EU-midlar per stilling.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Publikasjonspoeng per stilling	0,22	0,25	0,23		0,25
NFR-tildeling per stilling	22.042	18.707	19.966		24.000
EU-tildeling per stilling	1.923	1.746	2.178		2.500
Utveksling av ansatte via programavtalar	29	30	35		40
Eventuelle eigne resultatindikatorar					

Vi ser det som realistisk at vi kan klare å få til ein svak auke på desse indikatorane. HSF har så langt hevda seg godt når det gjeld publikasjonspoeng og rimeleg bra når det gjeld NFR-midlar. Vi er derimot dårleg når det gjeld EU-midlar.

Resultatmål 2 Etablere fem forskingsgrupper med eigne forskingsleiarar i deltidsstilling

Resultatmål 3 _____
forskningsgruppe i ikt saman med Vestlandsforsking

Resultatmål 4 Etablere forskingsavdeling for helseforskning saman med Helse Førde

Resultatmål 5 Kome med i NFR sitt nye VRI-program saman med partnerskapen i Sogn og Fjordane

Resultatmål 6— — — — —

Resultatmål 7 Kome med som partner i Utdanningsdirektoratets –Program for skuleutvikling–

Resultatmål 7:— — — — —

Resultatmål 8: Kome med som partner i to nye EU-/Interreg-prosjekt

Resultatmål 9: Systematisere, dokumentere og vidareføre høgskulens arbeid med entreprenørskap saman med dei andre aktørane i fylket vårt.

Risikovurdering: Vi er svært avhengige av nokre få dyktige fagpersonar på utvalde område for å kunne realisere resultatmåla ovanfor. Dersom ein eller fleire av desse skulle slutte, verte sjuke e.l., få vi problem med å realisere fleire av måla

Delmål 2.2

Høgskular med forskingsutdanning skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet, som er innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet for øvrig. Høgskular som vert tildelte stipendiatstillinger, skal sørge for god gjennomføring av forskarutdanninga

Resultatmål 1: Talet på avlagte doktorgrader skal vere 5-7 i 2007.

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Talet på uteksaminerte dr.gradskandidatar per vitsk. årsv.	0,006	0,010	0,111		0,028

Resultatmål 2: Leggje til rette for at doktorgradsstudentar kan få studieopphald ved utanlandsk universitet i (minst) eitt semester

Resultatmål 3: Leggje til rette for betre oppfølging av doktorgradsstudentane

Resultatmål 4: Talet på opprykk til førstelektorar innanfor profesjonsutdanningane skal dei neste åra vere 2 per år.

Resultatmål 5: Auke talet på artiklar, kapittel i bøker og monografiar som vert aksepterte i godkjende publiseringsskanalar på nivå 2.

Hovudmål 3

Høgskulane skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Høgskulane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Delmål 3.1

Høgskulane skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå fou-verksemda

Resultatmål 1: Utvikle veven som hovudverktøy for fagleg formidling

Resultatmål 2: Halde fram ordninga med kronikkar i lokalavisene med 1-2 kronikkar per månad

Resultatmål 3: Skipe til seminar om skriving av kronikkar og debattartiklar

Resultatmål 4: Etablere stillinga som informasjonsrådgivar i stab

Resultatmål 5: Opprette funksjon som info-ansvarleg ved alle avdelingar

Resultatmål 6: Opprette gruppe som legg opp HSF sitt konkrete arbeid med informasjon og formidling

Resultatmål 7: Få fleire HSF-tilsette til sterkare å engasjere seg i den offentlege debatten både lokalt og nasjonalt

Delmål 3.2

Høgskulane skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

Resultatmål 1:

Resultatindikator	Resultat				Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	2007	
Skattefunn					
Omfang av eksternt fin. verksemd EFV					
Mottekne forretningsidear					13. mill. kr.
Nyoppretta selskap baserte på mottekne forretningsidear					

Eventuelle egne resultatindikatorar					
-------------------------------------	--	--	--	--	--

For dei andre indikatorane er det så små tal på HSF at det har lite for seg å setja resultatmål.

Resultatmål 2.

Alle sentrale fagområde i HSF skal kunna dokumentera at dei har systematisk samarbeid med relevant eksternt arbeidsliv.

Hovudmål 4: Høgskulen skal ha ei personal- og økonomiforvaltning som sikrar effektiv utnyttinga av ressursane.

Under hovudmål 4 skal høgskulen leggje vekt på:

Delmål 4.1: Høgskulane skal føre ein aktiv arbeidsgjevarpolitikk som medverkar til å rekruttere og utvikle kompetanse som reflekterer institusjonen sine oppgaver og ansvarsområde

Resultatmål 1

Resultatindikator	Resultat			Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	
Andel førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar og formidlingsstillingar	27,4	27,8	25,4	28

Delmål 4.2 Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Resultatmål 1: Høgskulen skal fremje likestilling i akademien.

Resultatmål 2

Resultatindikator	Resultat			Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	
Andel kvinner, totalt og etter stillingskategori	52,6	52,7	54	54
Førsteamanuensis	8,9	13,1	16	18
Førstelektor	19,1	19,1	18	20
Høgskulelektor	57,7	59	55	55

Resultatmål 3: Minst 50 % av HSF sine doktorgradsstudentar skal vera kvinner

Resultatmål 4: Redusere sjukefråveret for alle grupper av tilsette.

Delmål 4.3: Høgskulen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga med fokus på god intern kontroll og effektiv ressursforvaltning som tek omsyn til institusjonen sine strategiske prioriteringar

Resultatmål 1: Ingen vesentlege merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen

Resultatindikator	Resultat			Resultatmål 2007
	2004	2005	2006	
Merknader og kommentarar frå Riksrevisjonen	5	2	2	2
Resultat EFV	729	269	17	100

Resultatmål 2: Betre styringa med avsettingane.

Resultatmål 3: Vi skal etterleve regelverket for offentlege kjøp og heve kompetansen vår på dette området.

Resultatmål 4 integrere risiko og vesentlegheitsvurderingar i planarbeidet for å sikre at måla vert nådd (KD) og utvikle kompetanse på resultatmåling.

Resultatmål 5: Innføre elektroniske system som:

- fakturabehandling,
- elektronisk innkjøpsstøttesystem
- excelerator
- Årsoppgjerssystem (Maestro)

Resultatmål 6: Utvikle betre interne styringsverktøy for oppfølging av ekstern finansiert verksemd.

Resultatmål 7: gå gjennom arealbehov og lokalløysingar med sikte på størst mulig kostnadseffektivitet i arealbruken ved å halde god framdrift i planlegging og bygging av nytt sentralbygg

Resultatmål 8: Ha ei drift som sikrar optimale miljøtilhøve

Resultatmål 9: Auke leverandørar med miljøsertifisering og tall miljømerka produkt gjennom samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane felles innkjøpeteneste (SFFI).

Risikovurderingar

Hovudmål 1.

Dei viktigaste suksessfaktorane innanfor dette hovudmålet er:

- Tilstrekkeleg studentrekruttering
- God kvalitet på læringsmiljøet
- God gjennomstrøyming

Risikoen på dette området er at vi ikkje maktar å utvikla og vedlikehalda eit lærings- og studentmiljø som gjer det attraktivt å koma til studiestadane våre og å fullføra studia hjå oss.

Hovudmål 2.

Dei viktigaste suksessfaktorane innanfor dette arbeidsfeltet er:

- Utvikla forskingsprogram basert på fagleg innsikt og med yrkesrelevans
- Bygging av robuste fagmiljø kring forskingsprogramma
- Gode seniorforskarar som leiar forskingsprogramma
- Tilstrekkeleg intern og ekstern finansiering

Risikoen på dette feltet er først og fremst at vi ikkje lukkast med å byggja opp gode forskingsmiljø inkl. fagleg leiing som har ein fagleg eigendynamikk som genererer både forskning og ekstern finansiering. Serleg er gode seniorforskarar avgjerande viktig.

Hovudmål 3.

Dei viktigaste suksessfaktorane på dette arbeidsfeltet er:

- Utvikla og vedlikehalda ein yrkesrelevant kompetanse i HSF
- Byggja nettverk med arbeidslivet
- Tilby relevante studietilbod og fou-arbeid

Risikoen på dette arbeidsfeltet at fagmiljøa våre ikkje klarar eller har overskot til å etablera ein fagleg konstruktiv dialog med brukarane i aktuelt arbeidsliv.

Hovudmål 4.

Dei viktigaste suksessfaktorane på dette arbeidsfeltet er:

- Strategisk planlegging der økonomiske rammevilkår inngår som ein føresetnad
- Gode økonomiske styringsverktøy
- Eit arbeidsmiljø som gjev grunnlag for fagleg utvikling
- Eit godt sosialt miljø

Risikoen innanfor økonomisektoren er manglande utvikling av ein robust økonomi som føresetnad for langsiktig strategisk handlekraft.

På personalsida er sviktande rekruttering av dyktige medarbeidarar og for lite satsing på faglege utviklingstiltak for alle tilsette medarbeidarar dei største risikofaktorane for HSF.